

Trygg og framtidsetta



Årsrapport 2015



Time kommune

Innhald:

Innleiing	5
Framlegg til vedtak	6
1 Rammevilkår	7
1.1 Folketal	7
1.2 Økonomiske hovudtal – analyse	8
1.2.1 Driftsrekneskapen	8
1.2.2 Finans og finansforvaltning	10
1.2.3 Balanse per 31.12.2015	12
1.2.4 Økonomiske nøkkeltal	14
2. Lokalsamfunnet Time	16
2.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015	16
2.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	16
3 Omstilling og effektivisering	22
3.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015	22
3.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	23
3.3 Utfordringar framover	24
4. Velferdstenester	25
4.1 Hovudtal per tenesteområde	25
4.2 Oppvekst	25
4.2.1 Økonomi	25
4.2.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015	26
4.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst	28
4.2.4 Utfordringar framover	32
4.3 Omsorg	33
4.3.1 Økonomi	33
4.3.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015	33
4.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg	34
4.3.4 Utfordringar framover	38
4.4 Samfunn	40
4.4.1 Økonomi	40
4.4.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015	41
4.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn	43
4.4.4 Utfordringar framover	49
4.5 Administrasjon	50
4.5.1 Økonomi	50
4.5.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015	50

4.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon	50
4.5.4 Utfordringar framover	51
5 Kommunen som arbeidsgjevar	52
5.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015	52
5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	52
5.3 Utfordringar framover	57
6 Investeringar	58
6.1 Administrasjon	59
6.2 Oppvekst	60
6.3 Omsorg	62
6.4 Samfunn	64
6.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – Oppfølging i 2015	70
7 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	71
8 Status politiske saker 2015	74
9. Nøkkeltal	77
9.1 Oppvekst	77
9.2 Omsorg	83
9.3 Samfunn	86
9.4 Administrasjon	94
Plankretsløp	95

- TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde) skal vera prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

MÅL

Innbyggjarane/brukarane: Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane: Stolte og kompetente

Samfunn/miljø: Alle bryr seg og tek ansvar for framtida

Økonomi: Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

KJENNETEIKN FOR ALLE LEIARAR I TIME KOMMUNE

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeider
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdi og kulturbyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarandre gode

Innleiing

Årsrapporten 2015 er ei tilbakemelding frå administrasjonen til dei folkevalde i Time kommune om resultat og bruk av ressursar. Her peikar me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2015 er kommunen sin offisielle rekneskap.



Ei av dei viktigast utfordringane til kommunen har vore å takla veksten. Kapasiteten på skular og i barnehagar er auka mykje dei siste åra og spesielt for skulane vil denne veksten halda fram. Når det gjeld barnehagar viser nye tal nedgang i barnetalet. Nye utfordringar vert å tilpassa tenestene til eit redusert behov.

Kommunen hadde i 2015 ei tillegg utfordring etter at 2014 gjekk ut med sviktande skatteinntekter og stort meirforbruk i tenesteproduksjonen. Kommunen måtte i 2015 få kontroll på økonomien. Det er i heile organisasjonen gjort ein stor jobb med å levera gode tenester trass nedjusterte budsjett. Kommunen har som følge av dette fått eit godt resultat i 2015.

Netto driftsresultat for 2015 er på 34,8 mill. kroner (2,8 %) mot 1,5 mill. kroner (0,1 %) i 2014. Kommunen har ei målsetting om å avsetja 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til investeringar. I 2015 vart målet for avsettingar redusert til 1,2 % som følge av svikt i skatteinntektene.

Det gode netto driftsresultatet skuldast innsparing i tenesteproduksjonen, overskot på vass- og avløpssektoren, meirinntekter på rammetilskotet og betre finansresultat.

Etter at avsetningar er gjort, har me eit udisponert årsoverskot på 14,1 mill. kroner. Då kommunen har låge fond, vil rådmannen rå til at overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

Sjølv om me fekk eit godt resultat i 2015, går me likevel stramme tider i møte. Arbeidsløysa i kommunen har meir enn dobla seg på eitt år. Det medfører reduserte skatteinntekter og auka sosialhjelpsutgifter. Om me skal klara framtidige utfordringar, må kommunen gjennom effektivisering, digitalisering og innovasjon, få meir ut av tilgjengelege ressursar.

Sjukefråværet viser urovekkjande oppgang i 2015 til 7,5 %. Talet var 6,6 % i 2014 og 7,2 % i 2013.

Rådmannen ønskjer å trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarar i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2015.



Rådmannen i Time 18. mars 2016

Brit Nilsson Edland
Brit Nilsson Edland



Framlegg til vedtak

1. Drifterekneskapen for 2015, vert godkjent. Årsoverskotet på 14,1 mill. kroner vert avsett til disposisjonsfond.
2. Investeringsrekneskapen for 2015, vert godkjent.
3. Årsrapporten vert tatt til orientering.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på, vert å vurdere hausten 2016 når ny økonomiplan skal leggjast fram.

Forklaringar

Årsrapporten skal tydeleg fokusera på i kva grad måla er oppnådde. Fargekodar viser om målet er oppnådd grønt ■, delvis oppnådd gult ■, eller ikkje-oppnådd rødt ■. Under merknader vert delvis oppnådde mål og ikkje-oppnådde mål kommenterte. Nokre av dei oppnådde måla er også kommentert.

Kap. 1 omtalar økonomiske hovudtal og folketalsutvikling. Kap. 2 handlar om lokalsamfunnet i Time, kap. 3 handlar om omstilling og effektivisering medan kap. 4 gjer greie for driftssituasjonen i tenesteområda. Kap. 5 handlar om kommunen som arbeidsgjevar, kap. 6 viser investeringane, kap. 7 handlar om resultat frå brukarundersøkingar, kap. 8 viser status i politiske saker og kap. 9 inneheld nøkkeltal.

Organisasjonen har hatt utfordringar med å tilpassa tenestetilbodet til ei veksande befolkning innanfor trongare økonomiske rammer. Dette gjeld spesielt i 2015 då kommunen i tillegg måtte inndra midlar frå drift på grunn av sviktande inntekter.

Kostra-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2015. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Klepp, Sandnes, Rogaland og kommunegruppe 8. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2016.

Rekneskap for 2015 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2015». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

1 Rammevilkår

1.1 Folketal

Folketal, fødsler, døde, inn- og utflytting 2012-2015

	2012	2013	2014	2015
Folketal pr. 1.1	16 769	17 437	17 897	18 306
Fødde	278	274	285	247
Døde	96	105	93	102
Fødselsoverskot	182	169	192	145
Innflyttarar	1 400	1 300	1 285	1 202
Utflyttarar	914	1 008	1 066	1 081
Flytteoverskot	486	292	219	121
Samla tilvekst	668	460	409	409
Folketal 31.12	17 437	17 897	18 306	18 572
Fødselsoverskot i %	1,09	0,97	1,07	0,79
Flytteoverskot i %	2,90	1,67	1,22	0,66
Folkevekst i %	3,98	2,64	2,29	1,45

Kjelde: SSB

Det er stor variasjon i folkeveksten i perioden med 2012 på topp og 2015 på botn. I 2015 var både flytteoverskotet og fødselsoverskotet lågt samanlikna med dei andre åra. Lågt fødselsoverskot skuldast først og fremst nedgang i talet på fødsler.

Folketal 2012-2015 per aldersgruppe

	2012	2013	2014	2015	Endring 12-15
0-2	879	854	839	819	-6,8 %
3-5	816	892	886	896	9,8 %
6-12	1 665	1 680	1 746	1 802	8,2 %
13-15	744	748	763	753	1,2 %
Sum 0-15	4 104	4 174	4 234	4 270	4,0 %
16-19	934	952	937	978	4,7 %
20-66	10 603	10 910	11 201	11 314	6,7 %
Sum 16-66	11 537	11 862	12 138	12 292	6,5 %
67-79	1 268	1 326	1 382	1 437	13,3 %
80-89	443	435	453	479	8,1 %
90+	85	100	99	94	10,6 %
Sum 67+	1 796	1 861	1 934	2 010	11,9 %
Sum	17 437	17 897	18 306	18 572	6,5 %

Kjelde: SSB

Talet på 0-2 åringer viser nedgang for tredje året på rad. Når nå netto innflytting er redusert, vil dette alt fra 2016 gi utslag i behovet for barnehageplasser. Veksten i barneskulebarn held fram, medan talet på barn i ungdomsskolen er relativt stabilt.

Når det gjeld dei eldre er det først og fremst stor vekst i aldersgruppa 67-79 år som har auka med 169 personar og 13,3 %. Aldersgruppa over 90 år aukar også prosentvis mykje, men det er få personar.

1.2 Økonomiske hovudtal – analyse

I årsrapporten presenterer me utdrag av rekneskapstala for 2015 og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2015» presenterer me kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gjev utfyllande informasjon. Alle referansar i kap. 1.2 viser til dette dokumentet. I kap. 1.2 omtaler me driftsrekneskapen og balansen, mens investeringane vert omtalte under kap. 6 Investeringar.

1.2.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt - drift (i 1000 kr)	note	Rekneskap 2015	Budsjett m/endingar	Budsjett u/endingar	Rekneskap 2014
Driftsinntekter					
Skatt på inntekt og formue		493 393	493 600	522 300	477 839
Rammetilskott		393 102	386 800	371 800	359 787
Overføringar med krav til motyting		354 552	270 072	256 684	324 869
Sum driftsinntekter		1 241 047	1 150 472	1 150 784	1 162 495
Driftsutgifter					
Lønnskostnader		837 656	806 342	777 382	778 784
Kjøp til eigen produksjon		109 751	101 364	99 750	111 116
Kjøp frå andre		182 336	174 456	171 156	178 902
Overføringar		56 729	41 286	55 350	68 640
Sum driftsutgifter		1 186 472	1 123 448	1 103 638	1 137 442
Finansinntekter					
Finansinntekter		40 407	34 850	31 850	34 528
Finanskostnader					
Finanskostnader	14	26 426	25 207	22 207	23 275
Avdrag	14	33 735	34 000	35 300	34 820
Resultat eksterne finanstransaksjonar		-19 754	-24 357	-25 657	-23 567
Netto driftsresultat		34 821	2 667	21 489	1 486
Disponert slik:					
Overført til investeringsregnskapen		-10 277	-10 277	-17 264	-4 524
Bruk av tidlegare års reknesk.m. mindreforbruk		-	-	-	324
Netto avsetning disposisjonsfond	6	-3 125	7 710	25	-1 087
Bruk av bundne fond	6	-7 311	-100	-4 250	3 801
Mindre-/meirforbruk	15	14 108	-	-	-



Driftsinntekter

Driftsinntekter aukar med 6,8 % frå 2014 til 2015. Dette skuldast god vekst i rammetilskot og andre inntekter. Skatteinntektene var budsjetterte med ein vekst på 9,3 %. Veksten vart i løpet av året nedjustert til 3,3 % som også vart sluttresultatet. Av oversikta nedanfor ser me at skatteinntektene i Time vaks betydeleg svakare enn i landet. Stor auke i arbeidsløysa i vårt distrikt er viktigaste årsaka til låge skatteinntekter.

	Time	Landet
Skattevekst	3,27 %	5,99 %
Skattevekst per innbyggjar	0,96 %	4,82 %
Skatteinntekter per innbyggjar	101,9 %	100 %

Av avviket mellom budsjett og rekneskap på andre inntekter gjeld 37 mill. kroner sjuke- og svangerskapsrefusjonar og 18 mill. kroner gjeld momskompensasjon drift. Ingen av desse inntektene er budsjetterte. I tillegg har me ei meirinntekt på 15 mill. kroner på brukarbetaling og sals- og leigeinntekter.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 4,3 % noko som er godt under veksten i inntektene. Dette betrar driftsresultatet.

Meirutgiftene me har på lønn gjeld i hovudsak bruk av vikarar som på same måten som refusjonane, heller ikkje er budsjetterte.

Ein del av meirutgiftene under kjøp til eigen produksjon gjeld utgifter som er refunderte i auka brukarbetalingar og andre inntekter. Når det gjeld auken i kjøp av tenester så gjeld dette kjøp frå staten, frå andre kommunar og frå private. Desse kostnadene erstattar kostnader for eigenproduksjon av tenestene.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld overføringar skuldast momskompensasjonen som ikkje er budsjettert.



Finansinntekter/-kostnader

Kommunen har i 2015 hatt god likviditet då store utståande beløp er innbetalte og mange investeringar var forsinka. Dette har trass i lågt rentenivå gjeve gode inntekter. Utbytte frå Lyse er 1,7 mill. kroner høgare enn budsjettert og andre finansinntekter er 4 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Renteutgiftene er lågare enn budsjettert, men tap på finansielle plasseringar på 1,9 mill. kroner trekkjer opp finanskostnaden.

Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 34,8 mill. kroner mot budsjettert 2,7 mill. kroner. Driftsresultatet utgjør 2,8% av brutto driftsinntekter, sjå figurar. Dersom me korrigerer for netto utgiftsført premieavvik på pensjon, er netto driftsresultat på 50,1 mill. kroner og 4 % av brutto driftsinntekter.



Det store avviket i bokført driftsresultat skuldast fleire forhold: meirinntekter rammetilskot, betre finansresultat, netto meirinntekter vass- og avløpssektoren på 10 mill. kroner og mindreforbruk i tenesteproduksjonen på 10 mill. kroner. Dei sistnemnde er brukte til nedbetaling av meirforbruk frå tidlegare år.

Årsoppgjersdispensasjonar

Overføring til investering utgjør som budsjettert 1,2 % av sum skatt og rammetilskot.

Vass-, avløpssektoren gjekk med 10 mill. kroner i mindreforbruk og av desse går halvparten til dekking av tidlegare underskot og resten til avsetning til bunde sjølvkostfond som i framtida skal nyttast til saldering av sektoren.

Kommunen fekk etter årsoppgjersdisposisjonane eit årsoverskot på 14,1 mill. kroner.

1.2.2 Finans og finansforvaltning

Finansmarknaden 2015

Aksjemarknaden i 2015 er prega av fortsatt fall i oljeprisane, stigande usikkerheit i den norske arbeidsmarknaden og stort verdifall på valutaane. Oslo børs steig med 5,9 % og verdsindeksen målt i norske kroner steig med 18,4 %, men det er verdifallet i norske kroner som står for heile auken. Obligasjonskursane i oljerelaterte selskap er fallande då usikkerheiten om selskapa stig. Marknadsrentene er reduserte i 2015, men risikopåslaga har auka slik at me ikkje får full effekt av lågare renter.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads-verdi 31.12.2014	Marknads-verdi 31.12.2015	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans- reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond*	2 961	3 729	109	-	3,3 %	50 mill. kr
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar	5 999	5 011	275	-49	4,1 %	20 mill. kr
Obligasjonar utstedt av norske selskap	7 223	3 897	430	-1 199	-12,6 %	
Aksjefond*	5 531	5 455	-	583	10,6 %	20 mill. kr
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	10 642	8 286	1 828	-718	11,7 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap	1 058	1 930	36	194	15,4 %	2,5 mill. kr
Sum	33 415	28 308	2 678	-1 189	4,8 %	

*Dette er eit kombinasjonsfond av både aksjar og obligasjonar

Finansportefølgja er netto redusert med 5,1 mill. kroner i 2015. Aksjane er redusert med 1,4 mill. kroner og obligasjonsportefølgja er redusert med 4,2 mill. kroner. Verdien på kombinasjonsfondet er auka med 0,7 mill. kroner. Plasseringane er innanfor rammene i finansreglementet.

2015 har vore året med dei store utslaga på portefølgja – frå ein realisert gevinst på over 2 mill. kroner ved sal av aksjar i eit selskap til urealisert tap på 0,8 mill. kroner i eit obligasjonsselskap.

Samla avkastning vart på 4,8 % der kommunen sine aksjar står for ei avkastning på 11,7 % og pengemarknadsplassingar og obligasjonar for ei avkastning på -3 %.

1.2.3 Balanse per 31.12.2015

Balanse	Note	31.12.2015	31.12.2014
Eigendelar			
Anleggsmiddel		3 013 033	2 951 919
Faste eigedomar	11	1 557 830	1 601 015
Utstyr og maskinar	11	129 017	94 650
Utlån	12	273 443	273 600
Aksjar og andelar	3, 12	78 465	76 712
Pensjonar	4	974 278	905 942
Omløpsmiddel		274 329	195 870
Kortsiktige fordringar		102 664	142 492
Premieavvik	4	3 797	19 124
Aksjar og andelar	10	15 664	17 231
Obligasjonar	10	12 648	16 183
Kasse, postgiro, bankinnskott		139 556	840
Sum eigendelar		3 287 362	3 147 789

Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		787 975	787 237
Av dette:			
Fondsmiddel	6	46 830	26 111
Endring i rekn. prinsipp	9	3 321	3 321
Udekket og udisponert drift og invest.	15	-620	-8 734
Rekneskapsmessig mindreforbruk		14 109	
Kapitalkonto	7	724 335	766 539
Gjeld		2 499 387	2 360 552
Kortsiktig gjeld		197 287	176 115
Langsiktig lånegjeld	13,14	1 070 598	986 351
Pensjonsforpliktelse	4	1 231 502	1 198 086
Sum eigenkapital og gjeld		3 287 362	3 147 789

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen, og korleis desse er finansierte i form av gjeld og eigenkapital. Ein meir detaljert balanse og noter finst i dokumentet «Rekneskap 2015».

Anleggsmiddel

Verdien av anleggsmidlar har auka med 60,9 mill. kroner. Auken er liten. Det skuldast at balanseførte verdiar for fylkesveg 223 og tomt til Bryne vidaregåande skule er tatt ut av bokførte verdiar, då dette nå er fylkeskommunale verdiar.

Omløpsmiddel

Kortsiktige fordringar er reduserte med 39,8 mill. kroner. Årsaka er lågare uteståande krav til private utbyggjarar for sal av areal.

Gjeld

Lånegjevarar (i 1000 kr)	Restgjeld per 31.12.2014	Restgjeld per 31.12.2015	Gj. rente 2015
Kommunalbanken	589 575	662 013	1,90 %
Husbanken	196 776	208 583	2,14 %
Sertifikatlån	200 000	200 000	1,64 %
Rentesikring	450 000	350 000	1,42 %
Sum lånegjeld	986 351	1 070 596	2,47 %

Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 44 % av brutto lånegjeld ved utgangen av 2015. Sikra del av netto gjeld er 59 %.


Likviditet og arbeidskapital

Differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld (dvs. arbeidskapitalen) gjev eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er betra med 57,3 mill. kroner medan den i 2014 vart redusert med 61,9 mill. kroner. Viktige årsaker til forbetringa er nedbetaling av meirforbruk i tenestene, udisponert årsoverskot for 2015, lågare gjeld på premieavvik og ubrukte lånemiddel på 14 mill. kroner.

Fondsmiddel

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift		Disposisjonsfond- investering	
	2015	2014	2015	2014
Inngående balanse 1.1	3 243	2 157	11 466	11 673
Avsetningar	24 756	12 572		
Bruk av avsetting	-21 908	-11 486	-2 284	-207
Utgående balanse 31.12.	6 091	3 243	9 182	11 466

Bundne fond (i 1000 kr)	Bunde fond - drift		Bunde fond - investering	
	2015	2014	2015	2014
Inngående balanse 1.1	8 650	12 451	2 752	2 449
Avsetningar	10 816	2 443	12 675	1 919
Bruk av avsetting	-2 836	-6 244	0	-1 616
Utgående balanse 31.12.	16 630	8 650	15 427	2 752



Disposisjonsfond kan brukast til både drifts- og investeringsføremål. Dei er dermed ein fri reserve, som kan nyttast om uføresette forhold skulle inntreffa. Sjølv om disposisjonsfonda er nær dubla, har kommunen små frie disposisjonsfond.

Bundne drifts- og investeringsfond kan berre brukast til bestemte føremål.

Når det gjeld vatn, avløp og renovasjon så skal desse områda gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Vass- og avløpsfonda hadde ein negativ saldo på 4,7 mill. kroner frå tidlegare år. I 2015 er denne dekkja inn og 5,6 mill. kroner er per 31.12.2015 sett på bundne sjølvkostfond. Renovasjonsområdet hadde ein negativ saldo på 0,6 mill. kroner frå tidlegare og fekk meirforbruk på 0,1 mill. kroner i 2015 slik at samla negativ balanse er på 0,7 mill. kroner.

Kommunen brukte 5 mill. kroner av premiefond pensjon i 2015. Likevel auka fondet med 5,5 mill. kroner på grunn av sluttoppgjjer med Dnb. Fondet var ved utgangen av 2015 på 35 mill. kroner. Dette fondet kan berre brukast til å betala pensjonspremie. Me bruker fondet til å utjamna kommunen sine pensjonskostnader mellom år med hovudlønnsoppgjjer og år med mellomlønnsoppgjjer og har budsjettert eit forbruk på 14 mill. kroner i 2016. Beløpet er inkludert i posten for pensjonsmiddel og viser ikkje i fondsoversikta.


Ubundne investeringsfond og rekneskapsmessig udisponert i investeringsrekneskapen er ubrukte midlar som er sette av i investeringsrekneskapen. Midla er sett av til å fullføra vedtatte prosjekt.

Rekneskapsmessig udekkja i investeringsrekneskapen for 2015 er på 2,2 mill. kroner. Ein viktig grunn til meirforbruk i investeringsrekneskapen er manglande avklaring om statstilskot til omsorgsbustadane på Kvernaland. Det er i 2015 ikkje inntektsført noko av budsjettert statstilskot på 20 mill. kroner.

Rekneskapsmessig mindreforbruk eller årsoverskotet på 14,1 mill. kroner er foreslått avsett til disposisjonsfond.


1.2.4 Økonomiske nøkkeltal

	Rekneskap				Budsjett 2015
	2012	2013	2014	2015	
Netto lånegjeld av brutto driftsinntekter	58,4 %	56,9 %	69,0 %	72,9 %	
Investeringar som er lånefinansiert	16,2 %	27,7 %	52,2 %	46,4 %	55,5 %
Disposisjonsfond av brutto driftsinntekter	0,8 %	0,2 %	0,3 %	0,5 %	
Akkumulert premieavvik av brutto driftsinntekter	1,3 %	0,7 %	1,6 %	0,3 %	




Kommunen har ei målsetting om at 1,5 % av sum skatt og rammetilskot skal brukast til delfinansiering av investeringane. Me brukte 1,2 % i 2015. På grunn av svikten i skatteinntektene vart overføringane til investering redusert.

Netto driftsresultat varierer mykje frå år til år. 2015 var eit godt år der resultatet vart 2,8 % av brutto driftsinntekter. Det er anbefalt at netto driftsresultat bør vera mellom 1,75 % og 2 %. Kommunen hadde budsjettert med 0,2 % og differansen skuldast ekstraordinære forhold som overskot på sjølvkosttenestene, nedbetaling av tidlegare meirforbruk i tenesteproduksjonen, gode skatteinntekter for landet og betre finansresultat enn budsjettert.



Kommunen hadde i 2012 og 2013 høg eigenfinansiering av investeringane og lånefinansieringsgraden var på forholdsvis 16,2 % og 27,7%. Dei høge investeringane me har hatt dei siste åra har auka lånefinansieringa av investeringane til om lag 50 % av brutto investering. Dette har auka gjeldsgraden som ved utgangen av 2015 på 72,9 % av brutto driftsinntekter. I gjeldsgraden ligg også Time kommune sin del av IVAR IKS sitt låneopptak inne.



Time ligg noko over Klepp og Rogaland. Samanlikna med 2014 er det for Time ein auke på 3,9 prosentpoeng.

2 Lokalsamfunnet Time

2.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Oppdatera ROS-analyse og gjennomføra beredskapsøving		Beredskapsøving er gjennomført. ROS-analyse skal i samsvar med planstrategi oppdaterast i 2016.
Ha eit særskild fokus på tidleg innsats i tenester til barn og unge		Dette er eit stort satsingsområde som er innarbeidd i strategiplan for Oppvekst.
Inngå samarbeid om folkehelse med frivillige organisasjonar		Trygg Trafikk, Jæren turlag, Jæren friluftsråd, Rogaland idrettskrets.
Implementera strategi for digital kommunikasjon med innbyggjarane		Arbeidet med digital strategi er starta opp og tiltak vil testast og implementerast gradvis.
Gå inn i eit nytt internasjonalt prosjekt		Time deltek i utviklinga av eit prosjekt om digital kommunikasjon med innbyggjarane.
Vurdera og ta i bruk nye kanalar for å informera om kommunale tenester		
Vera pådrivar for eit godt og forpliktande samarbeid om utvikling av Bryne sentrum		Møte med Brynebyen i ulike fora, foredrag og arbeidsgrupper.
Bidra aktivt til innbyggjarinvolvering i forbindelse med kommunereforma		Time har hatt ansvar for involveringa i utgreiingsfasen og i «nabopraten».

2.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Beredskap


Det er gjennomført ei stor beredskapsøving saman med Fylkesmannen og eksterne aktørar som brann, politi og sivilforsvaret. Kriseleiinga og støttegruppene var involverte og kommunen fekk testa beredskapsorganisasjonen sin. Evaluering av øvinga er følgt opp i etterkant. Det er etablert felles psykososialt kriseteam med Klepp kommune og det er etablert ei vaktordning utanom ordinær arbeidstid.

Lokaldemokrati og dialog med innbyggjarane

Handlingsplan for lokaldemokrati er revidert, og kommunen er publisert som OECD-eksempel på innovasjon i offentlig sektor som resultat av arbeidet. Utviklinga av løysingar for digital kommunikasjon med innbyggjarane er starta med kartlegging av behov gjennom brukardialog. Nettstaden MinNyeKommune.no, folkemøte og framtidsverkstad har vore sentrale verktøy og arenaer for innbyggjarinvolvering i samband med kommunereforma. Kurs i klart språk og gjennomgang av brev- og saksmalar har vore gjennomførte med mål om å gjera kommunale tekstar meir tilgjengelege for alle.

Energi- og klimautfordringar

Kommunen har i 2015 tilrettelagt for meir effektiv energibruk, reduserte klimagassutslepp og tilpassing til endra klimaforhold.



Samanlikna med nasjonale tal så er energiforbruket i skular og barnehagar i Time 20 % lågare. Reduksjonen i energiforbruk på andre kommunale bygg er også betydeleg. Tal for Storstova viser ein reduksjon i perioden 2011–2015 på 55 %. I 2015 er det bytta to varmegjenvinnarar på Bryneheimen. Reduksjon av energiforbruk og –kostnader er i rute i forhold til kommunedelplan for energi og klima 2011-2022. Trass i auka areal er totalt energiforbruk redusert. På enkelte bygg har ein spart over 50 %.

Installasjon av sentralt driftsstyringsanlegg (SD-anlegg) gjev mykje betre oversikt over forbruk og eventuelle feil i bygg. Arbeidet med å installera dette i kommunale bygg haldt fram i 2015. Nye bygg som Kvernaland omsorgssenter har ambisiøse mål for energibruk.

I arbeidet med kommunedelplan for Bryne sentrum er det mellom anna lagt vekt på høgare arealutnytting og færre parkeringsplassar per bueining, for å redusera transportbehovet og fremja miljøvennlege transportformer. Flaumvegar og flaumsoner er kartlagde og skal takast omsyn til ved framtidig utbygging. Ved bruk av verktøyet «blågrønn faktor» vert det lagt opp til å setja krav til uterom når det gjeld vasshandtering, vegetasjon og biologisk mangfald.

For å betra tilpassing til endra klimaforhold er det gjort analysar og utarbeida forslag til tiltak for å betra overvasshandteringa i delar av Bryne.

Interkommunalt samarbeid

Felles utgreiing av kommunereforma saman med Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger kommune vart presentert i mai 2015. «Nabopratt» med Hå og Klepp vart gjennomført hausten 2015, og intensjonsavtale om Jæren kommune ferdigstilt. Time kommune har som sekretariat for Jærrådet i perioden også vore sekretariat for arbeidet med kommunereform. I samband med «nabopratten» er det gjennomført felles kommunestyremøte, felles formannskapsmøte og felles møte for tillitsvalde for dei tre kommunane.

Nytt av året i forhold til interkommunalt samarbeid er Eirik Raude senteret saman med Klepp. Dette er eit tilbod til ungdomsskuleelevar med ekstra utfordringar.

Næring og sysselsetting

Bedrifter etter talet på tilsette i Time per 31. des.

	2011	2012	2013	2014	2015
Under 5 tilsette	1 356	1 371	1 424	1 482	1 495
5-19 tilsette	228	221	230	242	258
20-49 tilsette	57	64	71	68	70
50-99 tilsette	15	15	14	14	14
100 tilsette og meir	6	6	6	6	9
Sum	1 662	1 677	1 745	1 812	1 846

Kjelde: SSB

Dei siste åra har det vore jamn vekst i talet på bedrifter med tilsette i Time. Frå 2014 til 2015 var det tre nye bedrifter i gruppa 100 tilsette og meir. Dette skuldast at nokre offentlege tenesteområde har fått over 100 tilsette det siste året.


Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. des.

	2011	2012	2013	2014	2015
Arbeidsplassar	7 314	7 475	7 715	7 917	*
Innpendling	3 655	3 740	3 845	4 031	*
Utpendling	5 695	5 959	6 176	6 254	*
Konkurser	11	3	9	15	8
Nyetablerte foretak	141	138	158	135	*

* tala vert oppdaterte i juni

21 % av dei sysselsette i Time arbeider i helse-/sosiale yrker, om lag 16 % i varehandel, 12 % i undervisning og offentlig administrasjon og tilsvarande del i industri og oljerelatert verksemd. Om 6 % arbeider med jord- og skogbruk og 10 % med byggjeverksemd.

Dei siste åra har me hatt ein god vekst i talet på arbeidsplassar i kommunen. Men grunna reduksjon i talet frå 2008 til 2009 og låg vekst åra etterpå har det sidan 2008 vore ein auke på berre 3,8 %. I tilsvarande periode har folketalet vakse med 15,8 %.



Arbeidsløysa i 2015 har auka frå 1,9 % til 3,5 %. Samarbeid og dialog mellom kommunen, NAV, Innovasjon Norge, Jæren produktutvikling og lokale næringsaktørar har resultert i eit nytt prosjekt som Jæren produktutvikling skal koordinera. Dette skal vera ein arnested for nye idear og grundarar og er felles for medlemmane i Jærrådet. Prosjektet skal politisk behandlast i 2016.

I 2015 gav Jæren Produktutvikling næringsfaglege vurderingar til tre prosjekt og rådgjeving til 22 prosjekt frå Time.

NHO sitt Kommune-NM 2015 gjev Time kommune 19. plass i Norge og 5. plass i Rogaland. Det er særleg på kompetanse me vert trekt ned.

Time kommune forlenga partnerskapsavtalen med Greater Stavanger for fire nye år frå 2016, og me vedtok ny Næringsstrategi for Time kommune for 2015-2020. Dei fem strategiane dialog, tilrettelegging, næringsareal, byutvikling og løysingsorientert saksbehandling vil danna grunnlag for prioritering og aktivitetar framover.

Kommunen har i 2015 bidrege til etablering av fleire bedriftsnettverk, bl.a. Link Jæren som er eit rekrutteringsnettverk og Alloyance som er eit bedriftsnettverk for avansert mekanisk industri på Jæren.

Etter at næringsområdet på Svertingstad er ferdigstilt og bedrifter er i gang med bygging, har Time kommune omlag 5 daa næringsareal igjen. I tillegg er det ledig privat næringsareal. Det kan by på utfordringar dersom etterspørselen etter næringsareal tar seg opp igjen.

Byutvikling

Styringsgruppa for Byutvikling har i 2015 arrangert Bykonferansen med temaet kortreiste arbeidsplassar. Konferansen sette deltakarrekord med 130 dette året.

Til Bykonferansen i 2015 utførte Telemarksforskning ei «Regional analyse for Time 2015» som ser på utviklingstrekk over 10 år. Analysen viser at det er mange forhold som bidreg til om ein kommune er attraktiv å bu i, leva i og ikkje minst å jobba i. For næringsutviklinga skårar næringslivet best på lønnsemd og minst godt på produktivitet. Time kommune er nr. 57 av kommunane i Norge i snitt dei siste 6 år på denne næringslivsindeksen.

Det har i 2015 vore lagt ned eit stort arbeid i å ferdigstillast sentrumsplanen for Bryne.

Internasjonalisering

Det er ikkje sett i verk nye internasjonale prosjekt i løpet av året, då søknader innanfor Horisont 2020-programma er krevjande og tek tid. Kommunen har saman med ni andre europeiske partnarar laga grunnlaget for eit felles digitaliseringsprosjekt der Time kommune sitt område vil vera å utvikla og testa nye og betre løysingar for digital kommunikasjon med innbyggjarane. Om prosjektet får EU-støtte vil verta avklart i 2016. Det er også etablert eit samarbeid med forskningsstiftinga IRIS og fleire andre kommunar i regionen, der utfordringane til kommunane når det gjeld forankring og gjennomføring av europeiske prosjekt vert kartlagde og ein ser i fellesskap nærare på korleis dette kan betrast gjennom nettverk og samarbeid om prosjekt.

Kommunen besøkte våren Villa Faraldi i Liguria i Italia saman med representantar frå næringslivet. Det vart gjennomført vennskapsbesøk til Finland våren 2015. Samarbeidet med den finske vennskapskommunen Lapträsk og med den danske vennskapskommunen Allerød er avslutta i 2015, og Time kommune har nå berre ein nordisk vennskapskommune, svenske Älmhult. Kommunen har også den engelske vennskapsbyen Alnwick.



Den frivillige ressursen

Kommunen har starta eit arbeid med å systematisera den frivillige innsatsen meir og sjå samanhengar mellom behov i kommunen og kva frivillige kan tilby. Mellom anna vart det etablert eit samarbeid med frivillige for å få til ein koordinert innsats for å handtera aukande tal flyktningar. I 2015 vart det arbeidd med å leggja til rette for at Frivilligsentralen frå årsskiftet 2015/2016 vart kommunal. Denne endringa gjev grunnlag for ei heilskapleg utvikling og tettare samarbeid mellom kommunen, Frivilligsentralen og frivillige lag/organisasjonar.

I regi av Friluftslivets år 2015 har det vore samarbeid med mange frivillige organisasjonar. «Friluftsliv for alle» har vore gjennomført saman med Jæren friluftsråd og friluftorganisasjonar. «Nærturar på Jæren» er etablert saman med Jæren Turlag.

Folkehelse

Time har hatt tilsyn frå fylkesmannen på folkehelsearbeidet. Time kommune får gode tilbakemeldingar på det generelle folkehelsearbeidet. Når det gjeld arbeid med «løpande oversikt over folkehelsa», så har kommunen manglar i forhold til organisering, systematikk og plan for arbeidet. Dette er retta opp og det er laga eit årshjul for «løpande oversiktsarbeid».

I arbeidet med planstrategi for kommunestyreperioden 2015-2019 har kommunen drøfta folkehelseutfordringane. Prioriterte område som må sikrast i ulike planar er psykisk helse, fysisk aktivitet og tidleg innsats for å redusera fråfall i vidaregåande opplæring, talet på unge uføre og unge sosialhjelpsmottakarar.

Kommunen skal, i følge folkehelselova, ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga som grunnlag for avgjerder knytt til ulike planar og tiltak i kommunen. Det kan vera økonomiplan, kommuneplan, temaplanar og strategiar.



Time kommune skårar bra på mange indikatorar når det gjeld folkehelse. Det er høg forventet levealder både for menn og kvinner. Det er færre med låg inntekt enn snittet i landet og fylket og utdanningsnivået ligg over snittet i landet og like under fylket. Det var høg valdeltaking ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015, som seier noko om samfunnsengasjement blant innbyggjarane. Ungdommen er i stor grad nøgd med lokalmiljøet sitt.

I 2015 var det ingen ulykker med hardt skada eller drepne i trafikken i Time. Også færre lettare skada enn tidlegare år.


Monsanut barnehage, Bryne ungdomsskule og Bryne kompetansesenter har ikkje lukka avvika som er gitt etter tilsyn, jf. «Forskrift om miljøretta helsevern». For barnehagen gjeld dette deler av uteområdet og internkontrollsystemet, og universell tilgjenge for ungdomsskulen. Avviket for Bryne kompetansesenter gjeld manglande internkontrollsystem. For ungdomsskulen vert avviket retta opp i samband med nytt påbygg i 2016/2017.

Det har ikkje vore spesielle smittevernutfordringar.


Dei største folkehelseutfordringane ligg på levekårsområda som unge uføre og fråfall i vidaregåande opplæring.



Talet på unge uføre mellom 18 og 29 år har auka 31 % i tida 2013-2015, frå 54 personar til 70 personar. Befolkningsauken i tidsrommet har vore 5 %. Ingen av nabokommunane har hatt ein tilsvarende auke.



75 % av elevane i Time går på Bryne vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er ein indikator som vert brukt for å gjera tiltak. Statistikk viser at grunnskulepoeng under 30 utgjør ein høg risiko for fråfall i vidaregåande opplæring.



Grunnskulepoenga i Time har vist ei positiv utvikling siste 5 åra, og ligg nå over snittet både regionalt og nasjonalt. Me håpar at dette vil gje eit bidrag til redusert fråfall i vidaregåande skule i framtida.

Overgang mellom barnehage/grunnskule/vidaregåande opplæring og mellom opplæring og arbeidslivet er risikofasar som krev merksemd. Trivsel og mobbing kan ha noko å seia, men kommunen skil seg ikkje ut frå fylket og landet når det gjeld mobbing og trivsel i skulen.

Unge som ikkje har fullført vidaregåande opplæring har, etter åtte år, 30 gonger høgare sjanse for å verta uføretrygda og 15 gonger høgare sjanse for å verta sosialhjelpsmottakar.

Folkehelsestatistikk viser systematiske helseforskjellar som følgje av inntekt og utdanningslengde. Jo lenger utdanning, jo betre helse.

3 Omstilling og effektivisering

3.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Omstilla, fornya og forenkla		
Innføra fullelektronisk arkiv for fagsystema i Omsorg og Barnevern		
Prøva ut digital samhandling gjennom sikker digital postkasse		Me har avventa utviklinga av løysinga, og vil prøva ho ut i 2016.
Nytt og betre brukargrensesnitt i sak/arkiv-systemet vert innført for å auka effektivitet og responstida overfor publikum		
Gjennomføra leiarprogram om innovasjonsleiing		
Revidera tilsettingsreglementet for å få ein meir effektiv rekrutteringsprosess		
Innføra ny politikarportal		Tiltaket er sett på vent i samband med innsparingar, og vil verta vurdert på ny.
Justera rutinar for å få betre arbeidsflyt og hindra tidstjuvar		Rutinar for rekruttering og sjukefråvær er endra. Nye digitale personalsystem er under innføring. Arbeidet held fram med fleire rutinar i 2016.
Innkjøpsarbeidet vert evaluert for å sikra at innkjøparar har nødvendig kompetanse		
Motta 25 % fleire elektroniske fakturaer frå leverandørar		Auken var 49 %.
Auka den elektroniske delen av utsende fakturaer med 10 %		Auken var på 5 %.
Auka bruken av elektronisk handel med 10 %		Auken var 9 %.
Identifisera arbeidsprosessar innan planlegging og saksbehandling som kan forenklast		Utfordringar i prosjekt- og planarbeid er kartlagt i eit kvardagsinnovasjonsprosjekt, og tiltak vert sett i verk 2016.
Evaluera organiseringa av Miljøtenesta og vurderer om organiseringa er robust nok		Dette prosjektet vil vera ein del av evalueringa av Robust omsorg 2016.
Setja i produksjon ny rapporterings-ordning til staten for lønns- og tilsetjings-forhold i kommunen (A-ordning)		
Setja i verk to overordna innovasjonsprosjekt		Utarbeiding av ny arbeidsmåte og arbeidsform for prosjektleiarar i samband med nye byggjeprojekt og utfordringar og metodar for dialogbasert byutvikling i Bryne er ikkje gjennomført som innovasjonsprosjekt.

3.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Innovasjon

Me har gjennomført eit innovasjonsprogram for leiarane i 2015. Målet var å implementera innovasjonsstrategien og at leiarane skulle laga eigen innovasjonsplan. Programmet gjekk over fire samlingar.

Årets innovasjonsdag vart halden 15. juni. Alle leiarane i kommunen var inviterte. Programmet innehalddt blant anna oppdatering på gjennomførte innovasjonsprosjekt frå tidlegare program og informasjon om forskingsprogrammet Time deltek i.

Time kommune er med i eit forskingsprogram saman med tre andre kommunar (Sola, Narvik og Harstad). Det er IRIS som har ansvaret for forskingsprogrammet. Forskinga skal undersøka medarbeidardriven innovasjon. Det er halde intervju med leiarar og medarbeidarundersøking der alle tilsette fekk delta. Svarprosenten vart 33 % for Time kommune. Svarprosenten var forholdsvis lik for dei andre kommunane.

Det var definert to innovasjonsprosjekt i økonomiplanen for 2015. Det har ikkje vore arbeid med desse temaa ut frå innovasjonsmetodikken, men dei har likevel vore på dagsorden. Slutføringa av kvalitetssikringssystemet for anbodsinnhenting av større byggjeprojekt har vore prioritert i år. Innovasjonsbasert byutvikling er forankra i næringsstrategien for Time som vart vedtatt i 2015. Det har vore ei rekkje møter med ulike aktørar for å finna form og innhald til dette arbeidet.

Omsorg har i samarbeid med Innomed/Måltidets hus arbeid med innovasjonsprosjektet «Maten er ikke gitt før den er spist» som vart starta opp i 2014. Det er tre underprosjekt i Time kommune starta opp i 2015: «Redusere nattfaste i institusjon», «Smak og kjenn at maten gjer noe godt med deg» – ernæringsprosjekt retta mot brukarar med dobbeldiagnose innan rus og psykiatri og «Ernæringsdrikke E+» i samarbeid med Tine, abonnementsordning for brukarar av heimetenesta.

Digitalisering

I 2015 vart det tatt i bruk eit nytt og enklare brukargrensesnitt i kommunen sitt sak-/arkivsystem og det er innført arkivkjerne i klientsystema. For flyktningearbeid og vaksenopplæring er det nå innført elektroniske administrasjonsprogram. Desse vil verta knytt opp mot arkivkjernen i 2016. Det vart i 2015 innført nytt administrativt system i skulen. For barnehagane vert nytt system vurdert på eit seinare tidspunkt.

Arbeidet med standardisering og integrasjon mellom ny og gammal programvare pågår kontinuerleg. Eldre system vert overførte til nye og betre plattformer.

Digital kommunikasjon med innbyggjarane er tildels avhengig av datastrukturar og kompetanse internt i organisasjonen. Dei gode digitale løysingane må i tillegg utviklast saman med innbyggjarar og næringsliv. Digitalliseringsprosjektet har til nå kartlagt brukaråtfærd, brukarbehov og dagens løysingar. Prosjektet skal deretter testa og implementera nye løysingar med mål om digitalt førsteval hos 80% av innbyggjarane innan 2018.



Innkjøp

Kommunen sitt innkjøpsregelverk har vore gjennomgått i heile organisasjonen. Gjennom dette har talet på personar som har lov å handla på kommunen sine vegne vorte redusert. Slik har me kunna betra kommunikasjonen med bestillarane og auka kompetansen om gjeldande avtalar og prisar. Det har vore fokus på kontraktsoppfølging og avtalelojalitet for å sikra at me får avtalt pris, kvalitet og service.

Organisasjonstilpassing

Organisering påverkar kvaliteten på tenestene. I 2015 har me vurdert og evaluert organiseringa av kulturtenestene i Samfunn. Resultatet er etablering av eigen tenesteeining for Kultur med kultursjef som tenesteleiar. Miljøtenesta i Omsorg er også evaluert. Prosjektet er ikkje ferdigstilt i 2015.

3.3 Utfordringar framover

Innovasjonsstrategien må implementerast i organisasjonen gjennom å skapa ein kultur for innovasjon.

Aukande digitalisering av administrative rutinar og tenester medfører krav om trådløst nettverk og anna digital infrastruktur med tilstrekkeleg kapasitet, på alle kommunale lokasjonar.

Innkjøp av nye datasystem må samordnast for å sikra integrasjon med eksisterande system og opne dataløysingar.

Det å ta ut potensialet som ligg i auka bruk av rammeavtalar og e-handel kontra kjøp i butikk føreset bestillarkompetanse og avtalelojalitet i heile organisasjonen.

Arbeidet med å tilpassa organisasjonen slik at tenestene vert best mogleg for brukarane må vera kontinuerleg.

4. Velferdstenester

4.1 Hovudtal per tenesteområde

Totalt per tenesteområde	Rekneskap 2015	Budsjett m/endingar 2015	Budsjett u/endingar 2015	Rekneskap 2014	Avvik (B-R) 2015
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)					
Administrasjon	62 082	63 635	64 730	60 146	1 553
Oppvekst	415 207	416 347	412 305	400 298	1 140
Omsorg	229 045	229 045	229 004	233 842	0
Samfunn (utan VAR)	168 151	168 151	165 032	160 791	0
Sum netto driftsutgifter	874 485	877 178	871 071	855 077	2 693

Netto mindreforbruk på 2,7 mill. kroner går inn i kommunen sitt årsoverskott. I rekneskapstala for 2015 inngår dei 10 mill. kroner som er tilbakebetaling som dekkjer tidlegare meirforbruk.

4.2 Oppvekst

4.2.1 Økonomi

Oppvekst (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Budsjett m/endingar 2015	Budsjett u/endingar 2015	Rekneskap 2014	Avvik (B-R) 2015
Administrasjon	3 932	3 725	3 303	3 365	-207
Barnehagar	161 028	162 970	164 026	158 912	1 942
Undervisning	193 064	192 794	190 729	185 913	-270
Bryne kompetansesenter	7 317	7 282	6 230	5 629	-35
Kulturskule	5 907	5 993	6 020	6 003	86
Helsestasjons- og skulehelseteneste	11 261	11 561	11 529	10 365	300
Hjelpetiltak barn og unge	788	776	770	731	-12
Barnevern	31 910	31 246	29 698	29 380	-664
Sum Oppvekst	415 207	416 347	412 305	400 298	1 140

Tenesteområdet hadde eit meirforbruk i 2014 som må dekkjast i 2015, eller seinast i 2016. Det vart sett opp ein plan som dei ulike einingane har følgd. Ved årsslutt 2015 viser resultata at måla er nådde. I tillegg vart det vedtatt ei innsparing i 2015 som resulterte i at alle einingane i oppvekst fekk ein reduksjon i driftsbudsjettet på 1,3 % tilsvarande 4 mill. kroner.

Det har vore store utfordringar i forhold til å oppretthalda kvaliteten med reduserte rammer. Dette har hatt størst konsekvensar i dei einingane som også hadde eit tidlegare meirforbruk som skulle hentast inn. Innsparingane er i hovudsak gjennomførde gjennom reduksjon i årsverk og vikarbruk. Dette har konsekvensar i forhold til tenestetilbodet.

Undervisning har eit lite meirforbruk. Resultatet for området viser at arbeid og fokus for å betra den økonomiske situasjonen har hatt god effekt. Einingane har i stor grad klart å halda seg til gjevne rammer. Det er også i 2015 eit meirforbruk knytt til spesialundervisning for barn i andre kommunar (fosterheimsbarn) og elevar ved privatskular på 2,5 mill. kroner. Meirkostnaden vart dekkja av årsverk satt av til undervisning.

Barnehage har eit mindreforbruk i underkant av 2 mill. kroner. Mindreforbruk på barnehageområdet skuldast i hovudsak færre barn i barnehage enn forventa.

Barnevernet har i 2015 fått ei tilleggsløyving på 1,5 mill. kroner. I tillegg går dei ut med eit meirforbruk på 0,7 mill. kroner.

4.2.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Oppvekst		
Barnehagar		
Sikra full barnehagedekning		
Ha meir fleksibelt opptak i barnehagane slik at inntil fem barn «utan rett» får plass		
Utvida ordninga med redusert foreldrebetaling for dei med dårlegast råd		
Utarbeida kvalitetsplan for barnehagane basert på strategiplan for Oppvekst		Kvalitetsplan for barnehagane vil verta ferdigstilt etter at Strategiplan for oppvekst er ferdigstilt.
Alle kommunale barnehagar, og dei ikkje-kommunale som ønskjer det, deltar i språkprosjekt for fleirspråklege		
Flytta tilbodet i Trollongane barnehage til Lye mens bygget vert renovert		Regulering av området har medført utsetting av planen.
Planleggja rehabilitering og utbygging av Maurtua barnehage		Rehabilitering vil etter planen verta gjennomført i 2016.
Redusera talet på pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet til under 10 %		
Leggja til rette for fagarbeidarutdanning		
Undervisning		
I tråd med innovasjonsprogrammet, prøva ut og setja i verk tiltak som har effekt i forhold til meir tilpassa opplæring i staden for spesialundervisning		
Utvikla handlingsplanar for SFO på skulane ut i frå overordna kvalitetsplan i SFO		
Rekruttera lærarar i samarbeid med Jærskulen		
Planleggja utbygging på Frøyland skule		
Planleggja utbygging på Bryne ungdomsskule		
I samarbeid med Klepp kommune, planleggja nye Vardheia ungdomsskule		Intensjonsavtale er skriven og planlegginga er starta.
Planleggja for nye Re skule på Bryne		Dette er tatt inn i godkjent skulebruksplan.
Eventuelt innføra arbeidslivsfag på ungdomsskular frå hausten 2015 for nokre elevar, som alternativ til framandspråk eller språkleg fordjuping		Dette er prøvd ut og vil verta vidareført ved ein av ungdomsskulane.
Delta i den nasjonale strategien om «Ungdomstrinnet i utvikling» saman med nokre av ungdomsskulane våre og Jærskulenettverka		
Samarbeida med vidaregåande skule om overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring		



Tiltak	Merknader	
Leggja til rette for at fleire timeskular har minst ein lærar med rettleingskompetanse overfor nyutdanna		
Delta i Kompetanse for kvalitet		
Evaluera pilotprosjektet «Nettbrett i skulen» med sikte på læringseffekt og andre erfaringar i forhold til bruk av ny teknologi og behovet for ny kompetanse		Pilotprosjektet vart undervegs evaluert våren 2015. Politisk sak vart utsett til 2016 for meir utprøving.
Leggja til rette for fagarbeidarutdanning		
PPT skal ha mindre enn tre månaders ventetid i løpet av 2015		
PPT skal gjennomføra kurs i fleire skular, slik at fleire elevar som treng spesialundervisning, kan få nødvendige tiltak innanfor ordinær opplæring		
PPT skal følgja opp og starta tiltak for språkstimulering og språkutvikling i barnehage og skule		
Vaksenopplæring		
Gjennomføra fusjon og samlokalisering av språkopplæringstilboda til Bryne kompetansesenter		
Kulturskule		
Utvikla nye fagtilbod for å dekkja nye brukarbehov		Fargeglobus er etablert i samarbeid med Bryne kompetansesenter og det er oppretta to grupper kunstfag med undervisning på Frøyland.
Utvikla eit regionalt talentutviklingsprogram for kulturskulane på Jæren		
Utarbeida modell for kommunal ressursbruk i skulekorpsa		
Helsestasjons- og skulehelseteneste		
Skulehelsetenesta vert styrkt med eitt årsverk i 2015		
Helsestasjonen vert ytterlegare styrkt med 0,2 årsverk i 2015 og to årsverk seinare i perioden		
Flytta helsestasjonen 0-5 år frå Frøyland ungdomsskule til nytt bu- og omsorgssenter på Kvernaland		
For å sikra at familiar med spesielle behov får tidleg hjelp, prøva ut nytt gruppetilbod for foreldre med spedbarn		
Evaluera tilbodet om ungdomskontrakt ved familiesenteret		
Barnevern		
Kompetanseheving i å samtala med barn		
Styrkja kompetansen i forhold til å avdekka seksuelle overgrep		
Starta interkommunalt tiltaksarbeid saman med Klepp og Hå kommune		Vert sett i verk hausten 2016 når leiar er tilsett.

4.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst


Administrasjon

Det vart tilsett ny kommunalsjef i oppvekst 1. april. Fagsjef skule og fagsjef barnehage var konstituerte som kommunalsjefar fram til 1. april. I tråd med Robust leiing vart det lyst ut stilling som fagsjef barn og unge i slutten av året.

Barnehage

I 2014 var talet på barn under skulealder 1 715, noko som er 9,2 % av folketalet i kommunen. Av barna i aldersgruppa 1-2 år hadde 72,4 % barnehageplass, medan det i aldersgruppa 3-5 år var 96 %.

Desse tala inkluderer ikkje barn som har plass i andre kommunar.



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per barn 1-5 år sammenlikna med dei andre i figuren.

Frå august 2015 vart det innført redusert foreldrebetaling for familiar med samla inntekt på under 473 000. Det var 49 familiar med tilsaman 68 barn som fekk innvilga redusert foreldrebetaling. I tillegg vart det innført gratis kjernetid for 4- og 5-åringar i låginntektsfamiliar med samla inntekt på 405 000. Det var 28 barn som fekk gratis kjernetid.


Me har redusert talet på dispensasjonar frå utdanningskravet av pedagogisk leiarstillingar frå 15,7% i 2014 til 10,7 % i 2015 for kommunale barnehagar og 5,6 % for private barnehagar. Dette er det lågaste talet på fleire år. For dei kommunale barnehagane er det ni tilsette som er i eit utdanningsløp for å verta barnehagelærarar.

Det er lagt til rette for tilsette å ta fagarbeidarutdanning som barne- og ungdomsarbeidar. Me har seks personar som har tatt eksamen i 2015.

Sjukefråværet i barnehagane har hatt ei positiv utvikling dei to siste åra og ligg for 2015 samla på 7,8 %.

Undervisning



Totalt 2 495 barn i Time kommune er i grunnskulen. Dette er ein auke på 72 elevar frå i fjor. Veksten er nå størst på 1.-4. trinn.



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per elev i forhold til kommunar med same størrelse.

Ventetida ved PPT er nå under 3 månader frå tilvisning vert mottatt til saker vert sett i gang. Det har vore noko oppgang i tilviste saker frå 2014. Sjølv om talet på tilviste saker har auka med 10 %, har del av elevar som får spesialundervisning og del av lærartimar til spesialundervisning gått litt ned frå 2014.

Fortsatt ligg me høgt i forhold til elevar som får spesialundervisning. Det systematiske arbeidet som er sett i gang på skulane i samarbeid med PPT har som mål at det skal verta ein reduksjon i tilviste saker dei neste åra.



Time brukar større del av lærarårsverka til spesialundervisning enn andre kommunar. Dette fører til at det vert større elevgrupper per lærar i ordinær opplæring. På barneskulen har det i snitt vore ein auke på nærare eitt barn per lærar frå 2014 til 2015. På ungdomsskulen er det ein nedgang i elevtal per lærar frå 2014.

Jærskulen, den interkommunale satsinga for skuleutvikling i kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time er halvvegs i prosjektfasen på fem år. Undervegsevaluering som skulle gjennomførast hausten 2015 er utsett til 2016.

Tilstandsrapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen» var oppe til politisk behandling i februar 2015. Rapporten omhandlar elevane sitt læringsmiljø og læringsresultat. Område som vart følgt opp i etterkant var oppretting av kommunalt foreldreutval i Time, samhandling med vidaregåande skule for auka gjennomføring, sak om arbeidslivsfag og evaluering av pilotprosjekt med bruk av nettbrett i undervisning.

Sjukefråværet for undervisningsstillingar har hatt ei negativ utvikling frå 2014, men er fortsatt under snittet for kommunen og ligg samla på 5,6 %. Det er langtidsfråværet som har stege frå 2,5 % i 2014 til 4 % i 2015.


16 lærarar har gått på vidareutdanning som gjev 30 studiepoeng i utvalde fag gjennom ordninga «kompetanse for kvalitet». Etterutdanning av lærarar vart gjennomført i regi av Jærskulen etter ein årleg oppsett plan.

Skular som har hatt lærarar som ønskjer å ta vidareutdanning i rettleiing for nyutdanna har fått støtte til dette. Det er eit stort behov for å motivera lærarar for å ta denne utdanninga. Dette er eit verkemiddel for å sikra nye lærarar får ei god innføring i yrket.

Barnevern

Meirforbruket rettar seg mot kostnader knytt til barn som er plasserte utanfor heimen i fosterheim eller institusjon. Det er i løpet av året lagt ned eit stort arbeid knytt til analyse av tiltaka i barnevernet for å sjå korleis ein kan betra budsjettstyringa og målretta tiltaka.

Barnevernstenesta har god budsjettkontroll på dei andre områda og aktivitet er tilpassa dei oppsette budsjetttrammene.






Organisasjonen har førebudd seg på å driva felles Tiltaksavdeling for kommunane Klepp, Time og Hå. Det er gjennomført ein strukturert prosess knytt til rammer og forventingsavklaringar. Barnevernstenesta i Time har klar ei omorganisering av tenesta som vil verta sett i verk på det tidspunktet alle samarbeidskommunane gjev si tilslutning til samarbeidsforma.

Tenesta har eit sjukefråvær på 13 %. Det er gjennomført tilretteleggingsarbeid og informasjon knytt til dette. Fokus for å få senka sjukefråværet vil oppretthaldast.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Mindreforbruket er knytt til vakant stilling og statstilskot for prosjekt i den vidaregåande skulen. Statistikk for prosjektet viser at omlag 38 % av kontaktane gjeld psykisk helse.

Fødselstalet i 2015 har vore lågare enn i dei siste åra. Helsesøster har likevel samla sett hatt omlag same besøkstal. Grunnen til dette er at det har vore meir besøk hos helsesøster på skulane.



Helsesøster har på ein av ungdomsskulane gått inn ekstra med undervisning i forhold til psykisk helse på 9. trinn, og eit opplegg for jentene og foreldra til desse på 10. trinn i forhold til kropp, sjølvkjensle og spiseproblem.

På 3 av barneskulane har helsesøster i samarbeid med sosiallærer hatt grupper for barn til skilte foreldre, såkalla PIS-grupper.

Familiesenteret har hatt ein auke i nye saker. Det er gjennomført familiesamtalar i tillegg til ulike gruppetilbod. I 2015 er det arbeidd med 12 saker som gjeld ungdomskontrakt.

Sjukefråværet er på 3,7 %.

Kulturskule

Kulturskulen har eit underforbruk som i hovudsak skuldast høgare refusjon i sjukepengar enn det har vore brukt på vikar. Det var også ei vakant stilling på 15 % første halvår.

Time kulturskule har hatt stor aktivitet med fokus på tverrfagleg samarbeid. Det er gjennomført mange konsertar, førestillingar og speleoppdrag. Kulturskulen har deltatt på eller sjølv arrangert om lag 125 arrangement i løpet av 2015 med ca. 13 700 publikummarar.

Nyskapande musikal kvar vår er eit flott arbeid lærarane utfører med stor suksess ilag med elevar på 10. trinn. Om lag 2 000 publikummarar såg førestillinga i Storstova.





Talentutviklingsprogrammet Fredagsskulen starta opp seint hausten 2015. Dette er i startgropa og skal utviklast vidare. Om lag 20 elevar frå Time og 5 frå Hå deltok i første runde innan faga musikk, dans og kunstfag. Elevane har gjeve svært gode tilbakemeldingar på opplegget. Kulturskulen har samarbeid med Fritid, Bryne kompetansesenter og andre kommunale einingar.

Sjukefråværet i løpet av året er på 11 %. Med få stillingsheimlar kan eit sjukefråvær gje store utslag.

4.2.4 Utfordringar framover

Det er i oppvekst framvist god leing og kontroll der området samla sett har vist vilje og evne til solide grep knytt til økonomi og prioriteringar. Oppvekst merka godt innsparinga som vart iverksett våren 2015. Fleire av einingane hadde frå tidlegare år med seg eit overforbruk som medførte at den økonomiske situasjonen var krevjande med vedtatte innsparingar. Gjennomførte innsparingar er i all hovudsak tekne på utgifter knytt til personal. Innsparingane har derfor ein direkte konsekvens opp mot personaltettleik i tenestene.

Tidleg innsats mot barn og unge er det området som nå er sett opp som viktig å fokusera på. Mykje vil her handla om fagkompetanse og personaltettleik i einingane, og kutt på personalsia er ei utfordring for å halda prioritet her.

Tidleg innsats

Pedagogtettleiken i skulen er ei utfordring. Det er i dag tilført 7,4 statleg finansierte lærarårsverk til skule på grunn av for låg lærartettleik i kommunen. Det å auka pedagogtettleik i barnehage ut over minimumsnorma er også ei utfordring. Låg lærartettleik fører til utfordringar med å redusera spesialundervisninga i ordinær opplæring og dreia ressursinnsatsen til tidleg i opplæringsløpet.

Me vil fortsetja den målretta innsatsen for å få ned delen med spesialundervisning.

Det må oppretthaldast fokus på å lokalisera tiltak og område for å auka gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring.

I arbeidet med tidleg innsats er det ei utfordring med ha god tilgjengeleg skulehelseteneste.

Oppvekst i informasjonssamfunnet

Erfaringane og effekten av pilotprosjektet tilseier at læringsteknologien bør vera del av alle elevane si opplæring. For å klara dette er det viktig med føreseielege rammer der det vert avsett økonomiske ressursar til kompetanseheving for lærarane og lærebrett til alle elevar i timeskulen i komande økonomiplanar.

Fleirkulturelt samfunn

Ein stor del av språkopplæringa skal gjennomførast i barnehage og skule. Det er utfordringar i forhold til å ha nødvendig kompetanse på dette området. Det må framover leggjast til rette for at lærarar kan ta vidareutdanning i norsk for framandspråklege. I tillegg vil det vera viktig med kompetanseutvikling innanfor det interkulturelle arbeidet.

Flyktningsituasjonen kan medføra behov for å auka kapasitet raskare enn skule- og barnehagebruksplanane tilseier og setja press på eksempelvis barnevern og helsestasjonstenester.

4.3 Omsorg

4.3.1 Økonomi

Omsorg (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Budsjett m/endingar 2015	Budsjett u/endingar 2015	Rekneskap 2014	Avvik (B-R) 2015
Administrasjon	5 140	5 166	5 617	12 247	26
Institusjonstenester	80 761	78 405	77 978	74 880	-2 356
Heimetenester	49 280	50 422	51 442	45 522	1 142
Miljøtenester	67 915	67 947	66 619	53 816	32
Psykisk helse og rusarbeid	16 740	18 039	18 172	13 546	1 299
Aktivitets- og servicetenester	8 722	9 066	9 176	18 929	344
Samhandling	487	0	0	14 902	-487
Sum Omsorg	229 045	229 045	229 004	233 842	0

Omsorg går samla ut i balanse. Det er store variasjonar mellom dei ulike tenestene der institusjonstenestene har meirforbruk på 2,4 mill. kroner og heimetenester og psykisk helse og rusvern har tilsvarende innsparing.

Omsorg fekk i 2015 eit krav om ekstrainsparing på 2,7 mill. kroner og måtte i tillegg dekkja tidlegare meirforbruk på 3,5 mill. kroner. Innsparingskravet er nådd i 2015 og 0,5 mill. kroner er avsett til eit disposisjonsfond for seinare bruk.

4.3.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Omsorg		
Halda fram prosjektet «Maten er ikkje gitt før den er spist» i samarbeid med Innomed/Måltidets hus		
Tilby næringsdrikkar til alle brukarane i institusjon som oppfølging av erfaringane frå prosjektet «Redusere nattfaste i institusjon»		
Etablera aktivitetstiltak for rusmid- delavhengige og unge med åtferdsvanskar		Tiltaket vart avslutta i samråd med fylkesmannen.
Styrkja internkontrollen i saksbehandling og legemiddelhandtering		
Nytta sporingsteknologi i tråd med gjeldande lovverk		Har kartlagt konkrete brukarar som kan gjera seg nytte av sporingsteknologi.
Samarbeida med frivillige lag og organisasjonar for å integrera Kvernaland omsorgssenter i lokalmiljøet		Fortsatt i prosess.
Evaluera organisering, plassering og drift av miljøtenestene, «Robust miljøteneste»		Dette prosjektet vil vera ein del av evalueringa av Robust omsorg 2016.

Tiltak	Merknader	
Setja i verk tiltak for kvardagsinnovasjon i alle tenesteeiningane		
Utarbeida kompetanseplan for Omsorg, spesifisert på tema og fag		Under arbeid.
Nytta midlar frå «Kompetanseløftet 2015» til stipendordningar		Kompetanseløftet 2015 har endra namn til «Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2015»
Forsetja arbeidet med alternative arbeidstidsordningar for å auka stillingsstørrelsen		Dette vart ikkje prioritert i 2015 på grunn av den krevjande budsjettsituasjonen.
Styrkja buoppfølging innan psykisk helse og rus		Tiltaket vart utsett på grunn sparetiltaka i 2015.
Med Gjesdal som vertskommune, starta opp ambulant team for utagerande åtferd		Tiltaket vart ikkje starta opp og behovet vert sett i samanheng med eit mogleg kompetansesenter.
Flytta dagsenteret for eldre til Kvernaland omsorgssenter		Opna mai 2015.
Byggja om omsorgsbustader i Vardheivegen		Planlagt ferdig våren 2016.
Etablera sansehagen på Sivdamheimen		Berre mindre tiltak står igjen til våren 2016.

4.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

Administrasjonen

2015 er det tredje året med Strategiplan Omsorg 2013-2025 –«til stades i eige liv». Målet er å gje ei brukarorientert og heilskapleg teneste.

Året 2015 starta med at Omsorg måtte leggja ein plan for innsparing. Nyoppretta stillingar og investeringar måtte setjast på vent, ubunden tid måtte avviklast, og innleie av vikarar måtte reduserast. Det var viktig å sikra kvaliteten og oppretthalda forsvarlige tenester, samt arbeidsmiljøet. Det har vore ei krevjande oppgåve for dei tilsette, men det var eit nødvendig grep for å snu den negative økonomiske trenden.

Sjukefråværet er fortsatt høgt. Samarbeidet med NAV/Arbeidslivsenter om prosjektet «Tett og tidleg» håpar me etter kvart vil gje effekt.

Samla har omsorg hatt 10 klagesaker, og sju vart vidaresendt til Fylkesmannen. Kommunen fekk medhald i seks av sakene og delvis medhald i ei sak. I tillegg har det vore 3 klagesaker knytt til betaling for institusjonsplassar. Desse er gått til Fylkesmannen, men det kom ikkje avgjerd i sakene i 2015.


Det er kjøpt ein ekstern institusjonsplass for å kunna ivareta og gje teneste til ein brukar. Omsorg nyttar fem eksterne institusjonsplasser.

Det er inngått rammeavtale med eit lokalt drosjeselskap for transport av brukarar og middagsutkøyring i helgene.

I løpet av 2015 har Time kommune brukt 64 % av liggedøgna ved Jæren Øyeblikkeleg Hjelp (JØH) mot 66,5 % i fjor. Plassane ved JØH skal brukast til pasientar med forverring av kjent sjukdom og fastlegane skriv dei inn.

I 2015 var det 25 brukarar som kom inn under ordninga «Ressurskrevjande tenester». Det er ein reduksjon på ein brukar samanlikna med fjoråret. Det er inntektsført 40,5 mill. kroner på ordninga i 2015 mot 38,8 mill. kroner i 2014.

Koordinerande Eining (KE) gjev nødvendig opplæring og rettleiing av koordinator til brukarar som har Individuell plan (IP). IP er eit verktøy for å laga eit tenestetilbod som er tilpassa brukaren sine behov. Det er ikkje venteliste på koordinerande teneste.



Netto driftsutgifter per innbyggjar har gått noko ned frå 2014. Det kan forklarast med innsparingane som har vore gjorde det siste året.


Det er gjennomført ni internkontrollar i legemiddelhandtering. Det viser ein reduksjon av avvik i legemiddelhandteringa samanlikna med tidligare år. Internkontroll sett i system er medverkande årsak til dette.

I 2015 fekk to tilsette som tok helsefagarbeidarutdanning stipend frå «Tilskotet til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2015» Det same gjorde fem bachelor sjuke-/vernepleiestudentar. Tolv tilsette fekk stipend til relevant vidareutdanning som ein del av kompetansehevinga i omsorg. Me har brukt lærlingplassane i 2015. Seks tok fagbrev og fem nye fekk kontrakt. I samarbeid med Time kommune og Vernepleiarhøgskulen er det utabeida eit prosjekt som skal leggja til rette for best mogleg studentpraksis for ti vernepleiestudentar. I tillegg har me sjukepleiestudentar. Dette håpar me vil auke rekrutteringa.


Omsorg har stilt 23 praksisplassar til disposisjon for NAV. Desse er i liten grad brukte. Språkpraksisplassar vert brukte.

Institusjonstenester

Institusjonstenestene omfattar sjukeheimane Sivdamheimen og Bryneheimen. Sivdamheimen har korttid/rehabiliteringsavdeling og ei avdeling for demensomsorg. Bryneheimen har langtids plassar. Institusjonane gjev også tilbod om rullerande korttids- og avlastningsplassar.



Time og Klepp ligg lågare enn gjennomsnittet i fylket når det gjeld innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon. Tala i Time er uendra frå 2014.



Kompleksiteten og arbeidsbelastninga i dei sjukepleiefaglege oppgåvene har auka, fordi pasientane som vert utskrivne er meir alvorleg sjuke. Utfordringa er å ha nok tilsette med rett kompetanse på alle vaktene.

Det har vore ei auke i talet på yngre personar med demens, som ofte krev ein til ein oppfølging eller spesielle tiltak. Dette er også ei trend på landsbasis. Det har ført til auke i ekstra innleie, spesielt på natt i demensomsorga.

Demensteamet har hatt 42 utgreiingar. Sju personar har vorte følgde opp etter tidlegare utgreiingar. Demensteamet har åtte personar på ventelista.

Brukarane i institusjon får tilbod om næringsdrikkar som fast rutine for å redusera nattfasteperioden. Ingen brukarar har gått ned i vekt og nattfasten er redusert. I tillegg er kompetansen hos tilsette auka, og det er større fokus på ernæring.



Dagsenter for personar med demens har nå tilbod kvar dag. Det er ingen venteliste. Dagsenteret har fått tilskotsmidlar som skal brukast til aktivitetar. Det er kjøpt inn turbuss for ein del av tilskotet.

Sivdamheimen har installert nytt sjuke-signalanlegg. Dette fungerer godt.


Samla sjukefråvær for institusjonstenestene var 12 %.

Heimetenester

Tenestene omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, bukolektiv, tryggleiksalarmar, støttekontakt, omsorgslønn, matombringning til heimebuande, dagsentertilbod, brukarstyrt personleg assistent (BPA) og kvardagsrehabilitering.

Kvernaland omsorgssenter har plass til 24 brukarar fordelt på 3 bukolektiv. Det bur ti brukarar på senteret. I samband med innsparing har personale frå heimetenesta vore nytta for å halda ei kontinuerleg drift. Kvernaland dagsenteret har 18 brukarar kvar dag. Det er inga venteliste.

Kvardagsrehabilitering kom i ordinær drift august 2015, og 43 har mottatt tenesta i 2015. Tilbodet er retta mot heimebuande eldre. Formålet er at eldre skal bu heime lengst mogleg, og klara seg med minst mogleg hjelp. Heimetenesta i Omsorg og fysio- og ergoterapiavdelinga i Samfunn har fått auka ressursar og samarbeider tett om tenesta. Målet er å ha minst seks aktive brukarar til ei kvar tid.



E+næringsdrikkar til heimebuande er eit prosjekt i samarbeid med Tine. Det er eit underprosjekt til «Maten er ikke gitt før den er spist».

Heimetenesta opplever ei auke i søknader om støttekontakt for eldre og omsorgslønn til pårørande. Det er fleire svært omsorgs- og ressurskrevjande brukarar som bur heime, og belastinga på pårørande vert større.

Det er kjøpt inn ein buss til transport av brukarar til Kvernaland dagsenter.

Tenesta hadde eit sjukefråvær på 10,1 %.

Psykisk helse og rusarbeid

Tenesteeininga består av psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, samt døgnbemanna bufellesskap i Kolheia og på Svertingstad og støttekontakt/treningskontakt.

I juni vart det tilsett ein person i stillinga som buoppføljar. Brukarane får koordinert hjelp i forbindelse med innflytting i ny bustad. Dei får rettleiing og har eit sikkerhetsnett kring seg som kan hindra at dei mistar bustaden sin. Er det orden på bustad og økonomi er dei betre rusta til å ta imot anna nødvendig hjelp og omsorg.

Erfaringskonsulent vart tilsett på tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i november 2015. Prosjektet går over tre år. Konsulenten skal gje personar som er avhengig av rusmidlar eit betre tilbod gjennom å gje dei tilsette betre innsikt i rusproblematikken. Dette vil auka kompetansen hos tilsette som fremmar betre helse og auka livskvalitet hos brukarane.

Brukartalet har auka mest innan psykisk helsearbeid.

Sjukefråværet var på 5,2 %.

Miljøteneste

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åtferdsvanskar. Tenesta består av nødvendig helsehjelp, opplæring i daglege gjeremål, omsorgslønn, støttekontakt, BPA og drift av barnebustader. Denne eininga har mange ulike brukargrupper, og behovet for fagleg kompetanse og tryggleik i kvardagen er stor.

Brukarundersøkinga som vart gjennomført i vår, synte blant anna at det var eit forbettringspotensiale på haldningar hos dei tilsette. Det er sett i gang kompetanseheving i haldningsskapande arbeid. Alle tilsette har tilbod om e-læringskurs «Arbeid i andres hjem». I tillegg har ein fokus på etisk refleksjon.

Det fråflytta dagsenteret for eldre i Sivdamsenteret er pussa opp og lagt inn i drifta til Bryne Dagsenter, dagsenter for personar med psykisk- og fysisk funksjonssvikt. Det betyr større plass og auka kapasitet.

Det har vore ein auke i utgiftene til støttekontakt, omsorgslønn og avlastning.

Fylkesmannen har gjeve tilskotsmidlar til eit prosjekt som skal identifisera og rettleia rusmiddelavhengige med kognitiv svikt. Det vart oppretta 1,5 årsverk i november 2015.

Grunna innsparing vart ingen nye kommunale varig tilrettelagte arbeidsplasser (VTA) tekne i bruk 2015. Det er 23 på ventelista til VTA.

Sjukefråværet i miljøtenesta var på 12,4 %.

4.3.4 Utfordringar framover

Omsorg må fortsetja å vera nøkterne og ha fokus på den økonomiske ramma, levera kvalitative gode tenester som dekkjer brukarbehovet, tenkja innovativt og leggja til rette for kompetansebygging hos tilsette.

Me skal forsetja arbeidet med å skapa eit godt arbeidsmiljø og omdømme med endringsvillige tilsette. Me må arbeida med arbeidstidsordningar som er lagde opp etter brukarane sine behov. Rekruttera og behalda tilsette med rett kompetanse og arbeida for å unngå at tilsette utan fagkompetanse får rettskrav på høgskulestillingar er ei viktig satsing.

Riktig bruk av velferdsteknologi må intergrerast som ein del av tenestetilbodet. Dette vil auka kvaliteten på tenestene og gje rom for å bruka medarbeidarane der dei trengst mest.

Me skal ha ei framtidsretta teneste som har fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid, slik at problema kan avklarast før dei vert store. I samråd med brukaren må ein få fram brukaren sine mål, ønskje og behov. Utfordringa er at ein ikkje når ut til brukarane tidleg nok.

Det er ei utfordring å sikra ei god oppfølging av personar med demens og deira pårørande etter diagnostisering. Ut i frå Demensplan 2020 bør fagkompetansen i teamet også inkludera ergoterapeut. Me må arbeida vidare med å få til den anbefalte fagsamansettinga av teamet.

Personar som har psykisk og fysisk funksjonsvikt kan utvikla demens i svært ung alder. Me har ikkje eit godt nok tilrettelagt tilbod for denne gruppa. Det same gjeld gruppa eldre personar som har kognitiv svikt relatert til eit rusmiddelbruk. Dette er ei oppgåve me vil sjå nærare på.

Me vil forsetja arbeidet for at Kvernaland omsorgssenter vert kjent og brukt av frivillige lag og organisasjonar i kommunen.

Ei anna utfordring som ligg føre oss er den delen av samhandlingsreforma som gjeld utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse- og rusarbeid. Den har planlagt oppstart 01.01.2017.

Me er opptekne av å spissa kompetansen på saksbehandling og skriving av vedtak.



4.4 Samfunn

4.4.1 Økonomi

Samfunn (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Budsjett m/endringar 2015	Budsjett u/endringar 2015	Rekneskap 2014	Avvik (B-R) 2015
Administrasjon	2 532	2 541	2 675	2 388	9
Plan og forvaltning	4 745	4 582	4 609	4 797	-163
Landbruk, miljø og kulturvern	5 302	5 216	5 464	5 309	-86
Vegar	9 178	9 415	9 802	9 182	237
Helse og rehabilitering	28 559	28 559	29 018	27 070	0
Fritid	11 595	11 295	12 313	11 238	-300
Fleirkulturelle tenester	9 423	9 718	9 412	8 865	295
NAV Time - sosialtenester	27 813	27 431	22 345	23 642	-382
Grøntanlegg	8 574	8 611	8 585	8 407	37
Brannvern	5 516	5 612	5 612	5 621	96
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
Kultur	1 350	1 688	1 946	2 417	338
Eigedomsforvaltning	47 946	47 865	47 678	46 869	-81
Bibliotek	5 618	5 618	5 573	4 986	0
Sum Samfunn	168 151	168 151	165 032	160 791	0

Tenesteområdet går i balanse i 2015 etter at 1,1 mill. kroner av eit tidlegare oppsamla meirforbruk på 3,3 mill. kroner er dekkja inn. 2,2 mill. kroner av det samla meirforbruket der mellom anna 1,8 mill. kroner er relatert til eigedomsforvaltning og 0,3 mill. kroner til fritid, er overførde til komande år. I dette ligg og at NAV Time, sosialtenester, i løpet av 2015 har fått ei samla tilleggsføring på 4,5 mill. kroner.

Det er særleg NAV Time, sosialtenester, som har hatt økonomiske utfordringar i 2015. Årsakene til dette er omtalte under kap. 4.4.3. Driftsbudsjettet i 2016 har berre i liten grad tatt høgde for avvika i 2015, og ein usikker arbeidsmarknad framover kan gje auka utfordringar her.

Vatn, avløp og renovasjon viser netto kostnader på null. Då dette er sjølvkostområde som kan sjåast over fleire år, viser ikkje nettoen resultatet for 2015. Vatn og avløp fekk samla mindreutgifter på 10 mill. kroner der 4,6 mill. kroner er brukte til nedbetaling av negativt sjølvkostfond og 5,4 mill. kroner er avsette på fond. Av dette 3,7 mill. kroner for vatn og 1,7 mill. kroner for avløp.

Renovasjonstenesta hadde meirutgifter på 135 000 kroner i 2015. Dette har samband med auka avfallsmengde som igjen gjev høgare samla behandlingsskostnad. Saman med 595 000 kroner i meirutgifter frå 2014 har me eit negativt sjølvkostfond for renovasjon på 730 000 kroner.

4.4.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Samfunn		
Beredskap, folkehelse, plan og landbruk		
Gjennomføra øving i kriseberedskap		Det er gjennomført beredskapsøving i samarbeid med Fylkesmannen, interne og eksterne samarbeidspartar.
Gjera greie for folkehelsekonsekvensar i alle nye arealplansaker		Er eit nytt og krevjande tema som ikkje er like godt forankra overalt. Må arbeidast meir målretta med framover.
Oppgradera turopplegget «Ti turar i Time» med omsyn til skilting og merking		Skilt er bestilte. Nokre skilt er sette opp. Resten vert sette opp våren 2016.
Gjera ferdig tre av turvegtraseane som er prioriterte i kommuneplanen		Den eine traséen er på det næraste ferdig. Dei to andre har stansa opp grunna manglande avtalar med grunneigarar.
Markera friluftslivets år 2015		
Nytta partnerskapsavtalar med frivillige lag og organisasjonar som verktøy for å løysa lokale folkehelseutfordringar		
Få godkjent revidert samfunnsdel i kommuneplanen		
Få godkjent områdeplan for Vardheia		
Få godkjent revidert kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 med handlingsplan		Første høyringsrunde behandla i KS november 2015. Vert sendt på høyring i februar 2016. Høyringsfristen er i april. Utan motsegn kan planen vedtakast før sommaren. Med motsegn hausten 2016.
Starta arbeidet med områdeplan for Austbøfeltet på Bryne		Planen er godkjend av kommunestyret.
Kartleggja og gjennomføra opprydding av ulovlege fyllingar og deponi		Dette er eit tema me har arbeidd ein del med. Det er eit utfordrande tema, og me må få på plass klarare kommunale føringar før arbeidet vert vidareført.
Oppdatera viltkartet		
Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon		
Starta opp arbeidet med revisjon av Trafikksikringsplanen		Revidert Trafikksikringsplan 2016–2025 er godkjend.
Styrka vedlikehaldet av kommunale vegar, gater og fortau		Er styrka innafor tilgjengelege ressursar. Langt betre systematisering av asfaltlapping, feiing og kantreinsing. Har stort/aukande etterslep på reasfaltering.
Utarbeida nytt gravereglement og innføra elektronisk søknad om graveløyve		
Etablera betre rutinar for vedlikehald og ettersyn av kommunen sine anlegg for overvasshandtering		Over 200 terrengslukar/stikkrenner er kartlagde. Desse vert sjekka to gonger i året. Om lag 15 kritiske slukar vert sjekka ein gong i veka og ved ekstremværsvar. 14 kommunale fordrøyningsanlegg vert tømde regelmessig.
Setja i verk førebyggjande tiltak for overvasshandtering i særleg utsette område på Bryne		Moglege tiltak er kartlagde for Rosselandsområdet. Tiltak vert utført fom 2016.
Skifta ut og auka talet på glas- og metallcontainerar ved ubemanna miljøgjenvinningsstasjonar		Kapasiteten er også utvida enkelte stader.
Førebu for reduksjon av talet på avfallsfraksjonar hos private hushald i samband med at nytt sentralsorteringsanlegg på Forus skal tas i bruk		Arbeidet pågår og må ferdigstillast og politisk behandlast i løpet av hausten 2016.
Helse- og sosialteneste		
Vurdera oppretting av ny fastlegestilling ved Kvernaland legesenter som følgje av folkeveksten		

Tiltak	Merknader	
Styrkja tilsynslegeordninga og vurdere omorganisering av legetenesta ved Bryneheimen i samband med oppretting av palliative sengepostar		Palliative sengepostar er overførte til Sivdamheimen. Eitt årsverk eksisterande sjukeheimslege er vurdert til å dekkja behovet for sengeposten. Tilsynslegeordninga på Bryneheimen har uendra ressursar.
Redusere ventetida til ergoterapitenesta ned til tre månader		Ergoterapitenesta og oppgåver som hjelpemiddelformidling har ikkje fått redusert ventetida. Ei forklaring kan vera at det har vore ustabilt og mangelfull kontinuitet i stillingar. Målet er vidareført i 2016.
Redusere arbeidsløysa blant ungdom frå 89 ledige i januar 2014 til 60 ledige innan utgangen av 2015		Per 31.12.15 er det 151 utan arbeid mellom 16 og 29 år. Det skuldast at arbeidsløysa generelt, og for ungdom spesielt, har auka dramatisk i 2015.
Inngå samarbeid med NAV Klepp om å skaffa arbeid til flyktningar		NAV Time og NAV Klepp har etablert prosjektet «Jobbsjansen» saman. Brukarar vert tatt opp frå januar 2016.
Fritid og kultur		
Utvikla samspelet og samarbeidet med frivillige, mellom anna i nært samarbeid med frivilligsentralen		Dette arbeidet er i gang, men me kjem til å satsa endå meir på dette nå som Frivilligsentralen har vorte kommunal.
Vidareutvikla kultur- og fritidstilboda overfor ungdom og eldre		Alt ligg godt til rette for ein skikkeleg oppsving i ungdoms-tilbodet i Bryne når Møllekjellaren opnar i februar 2016.
Busetja 20 flyktningar ekskl. familieinnvandra		27 flyktningar er busette.
Gje eit best mogleg kulturtilbod til innbyggjarane ut frå kapasiteten i Storstova og Bryne Mølle		
Ha eit attraktivt kinotilbod og halda talet på besøkjande ved kinoen over 38 000		
Arrangera Garborgdagar i januar		
Arrangera Livsgledefestival i mars		
Styrkja og utvikla samarbeidet mellom biblioteket, skulane og barnehagane		Me ventar tilskot frå fylkesbiblioteket for utvikling av samarbeidsprosjekt med skulane om Informasjonskompetanse og kildekritikk.
Eigedom		
Ferdigstillast sansehagen ved Sivdamheimen		Berre mindre tiltak gjenstår til våren 2016.
Etablere ny varmesentral i rådhusområdet		Arbeidet er starta. Ferdig i april 2016.
Byggja og selja minimum åtte nye bustadar til prioriterte målgrupper		Er ikkje starta då aktuelle tomteområde ikkje er ferdig opparbeidde.
Følgja opp og klargjera planlagde offentlege bygg til bruksformåla slik det går fram av investeringsdelen		

4.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Dei allmenne tryggleikstenestene legehjelp, formidling av hjelpemiddel, økonomisk sosialhjelp, vatn, avløp, renovasjon, brann- og miljøvern fungerer stort sett godt. Tenestene svarar i all hovudsak til etterspørselen frå innbyggjarane. Dei er effektive og tilpassa avsette ressursar, sjølv om det økonomiske årsresultatet for sosialtenesta i år medførte betydelege meirutgifter.

Det er lagt ned mykje arbeid i kommunedelplanen for Bryne sentrum, ferdigstilling av ny Samfunnsdel til kommuneplanen og to større områdeplanar på Bryne.

Omfattande analysar er utførte, og forslag til tiltak er foreslått for å handtera overvassutfordringar i delar av Bryne. Prioriterte tiltak vil verta gjennomførte i perioden 2016–2018.

I regi av KS er tilsette i heime-, fysio- og ergoterapitenestene med i eit effektiviseringsnettverk om kvardagsrehabilitering med fem samlingar som varer til 2016.

Me har fortsatt for lang ventetid til ergoterapiteneste.

Den aukande arbeidsløysa gjev og store utfordringar for NAV Time. Det er særleg urovekkjande at talet på arbeidslause i aldersgruppa 16–29 år er auka frå om lag 90 i 2014 til 151 ved utgangen av 2015. Det tilsvarar ein auke frå 2,5 % til 4,2 %. Tilsetting av ungdomslosar har vore eit av satsingsområda for å få unge på sosialhjelp over i arbeid eller utdanning.

I 2015 har det pågått eit omfattande arbeid med oppføring og planlegging av bygg og anlegg.

Samla sjukefråvær i tenesteområdet var 6,4 % i 2015 mot 5,5 % i 2014.

Beredskap, folkehelse, plan og landbruk

Folkehelse og beredskap

Folkehelseprofil for Time kommune 2014–2016 gjev oversikt over status for folkehelsa i kommunen, og peikar på utfordringar og strategiar for å nå lokale mål i folkehelsearbeidet. Det er etablert system for jamleg å ha oversikt over viktige folkehelseutfordringar. Som del av arbeidet med planstrategi for ny valperiode har kommunen drøfta folkehelseutfordringar og gjeve innspel til planarbeidet.

Kommunen har gjennomført beredskapsøving i lag med Fylkesmannen i Rogaland og eksterne aktørar som Rogaland Brann og redning IKS, politiet og sivilforsvaret. I tillegg var mange tilsette i kommunen med på øvinga. Tverrfagleg beredskapsgruppe har, saman med nabokommunane Klepp, Hå og Gjesdal, hatt møte med politiet sin operasjonssentral for å styrka samarbeidet.

Plan og forvaltning

Veksten i folketalet held fram, men har i 2015 vore noko mindre enn tidlegare år. Planaktiviteten i 2015 har vore uvanleg høg. Lokal utvikling hadde 16 planar til førstegongs behandling. Kommunestyret godkjende 14 planar, mot normalt mellom fem til åtte planar årleg. Byggeaktiviteten har stagnert noko. Det skuldast i hovudsak den økonomiske situasjonen i regionen. Arbeidet med å revidera kommunedelplanen for Bryne sentrum har pågått heile året.

Det har vore ein stor nedgang i saksbehandlingstid på reguleringsplanar frå 2014 til 2015. Der det er lovkrav for saksbehandlingstid, er me innanfor desse. I kap. 7 vert resultat frå brukarundersøking om private reguleringsplanar presentert og det vert gjort greie for dei tiltaka som er sette i verk.

Universell utforming som prinsipp i vårt daglege virke er implementert i organisasjonen. I planarbeidet har folkehelseperspektivet fått eit tydelegare fokus. EbyggWeb, som syner både aktive byggjesaker og planprosessar, er i full bruk. Verktøyet for plansaker vart lansert i slutten av 2013 og for byggjesaker tidleg i 2015.

Landbruk, miljø- og kulturvern

2015 var nok eit år med stor aktivitet i Timelandbruket, noko som viste att i stor byggjeaktivitet, mange søknader om midlar til drenering, miljø-, kultur- og friluftstiltak. Ny forskrift for produksjonstilskot hadde fleire endringar som har ført til mykje meirarbeid. Arbeidet med revidering av landbruksplanen er snart ferdig. Tiltaksplanane for Orre- og Håvassdraget har kome godt i gang. Friluftsåret 2015 vart markert med fleire vellykka arrangement saman med frivillige lag og organisasjonar. Kulturhusa og utstillingane på Fotland Mølle har hatt eit normalt godt besøksår.

Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon

Vegar

Standarden og vedlikehaldet på kommunale vegar må ha merksemd i åra framover. I følge ekstern rapport har me eit etterslep på reasfaltering på 18 mill. kroner. Etterslepet er aukande.

I 2015 kom me i gang med systematisk tømning av vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyningsanlegg for å unngå overvasskader på tredjepart sin eigedom.

Grøntanlegg

Talet på leikeplassar og friområde aukar i takt med utbygging i kommunen. Dei årlege økonomiske driftsrammene er ikkje tilstrekkelige til å vedlikehalda desse.

Vatn, avløp og renovasjon

Det er gjennomført ei omfattande hydraulisk undersøking av overvasssystemet på Bryne. Undersøkinga har vore grunnlaget for kartlegginga av moglege tiltak som skal løysa overvassutfordringane på Bryne. Tiltak vert sette i verk fom 2016.


Ved årsskiftet har om lag 58 % av vassabonnentane installert vassmålar og om lag 21 % har installert tilbakeslagssikring. Alle installasjonar er venta ferdige innan utgangen av 2017. Vassforbruket har i 2015 gått ned med 3,6 % i forhold til 2014. Samtidig er mengda reinsa avløpsvatn auka med 6,1 % frå 2014.

Samla avfallsmengd, innsamla på husstandsnivå, har auka med 5,4 % i forhold til 2014. Innsamla våtorganisk avfall har auka mest. Dersom ein også inkluderer avfall levert til gjenvinningsstasjonane på Forus og Sele, har avfallsmengda auka med 15 % frå 2014. Dette skuldast i hovudsak at folketalet har auka med om lag 1,5 % i perioden. I tillegg inkluderer mengdetala for elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall) og metallavfall meir nå enn før. Både behandlingskostnaden for avfall og underskotsdekninga for bruken av gjenvinningsstasjonane vart større enn budsjettert i 2015.

Helse- og sosialteneste

Helse og rehabilitering

Interkommunalt samarbeid om legevakt og nattlegevakt fungerer godt. Det er god dekning av fastlegar. Framtidig dimensjonering av lege-, fysio- og ergoterapitenestene har i stor grad samanheng med folketilveksten.



Netto driftsutgifter til helsetenester per innbyggjar har auka noko meir i Time og Klepp enn i dei andre me samanliknar oss med her.


Tidleg innsats og førebygging har sterkt fokus i eininga. Fysio- og ergoterapitenester til barn samarbeider tett med kommunalområde Oppvekst om førebyggjande tiltak spesielt for førskulebarn.


Frisklivsentralen driv etter Helsedirektoratet sine tilrådingar for førebyggjande helsearbeid. Tilbodet vert gjeve til personar over 18 år og består av individuelle helsesamtalar, gruppetreningar og kurs innan kosthald, røykeslutt og psykisk helse. I 2015 var det 80 nye tilviste deltakarar til Frisklivsentralen.

Kvardagsrehabilitering kom i ordinær drift medio august 2015. Fysio- og ergoterapiavdelinga og heimenesta i Omsorg har fått auka ressursar til dette i 2015.

NAV Time – sosialtenester


Talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp inkludert kvalifiseringsstønad har auka frå 460 i 2014 til 470 i 2015. Samla sett er det i 2015 utbetalt om lag 3,8 mill. kroner meir i økonomisk sosialhjelp enn i 2014. Talet på mottakarar har ikkje auka særleg, men talet på utbetalingar av støtte til livsopphald, husleige/bustøtte og nødhjelp har auka betydeleg. Gjennomsnittleg lengde på mottak av økonomisk sosialhjelp for kvar klient har auka frå 4,7 månader i 2014 til 5,6 månader i 2015. Gjennomsnittleg stønadsbeløp for kvar klient har auka frå 35 951 kroner i 2014 til 42 751 kroner i 2015. Det er størst auke i talet på økonomisk sosialhjelp i aldersgruppa 25-44 år. Den aukande arbeidsløysa utover i 2015 er ei medverkande årsak til auken.





Frå 2014 til 2015 har det vore ein vekst per innbyggjar på om lag 500 kroner i Time, medan Klepp har hatt ein reduksjon på om lag 250 kroner. Dei andre me samanliknar oss med her har hatt ein auke, men betydeleg lågare enn Time.

For å aktivisera brukarar som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde, har Time kommune stilt aktivitetsplassar til rådighet. Frå hausten 2015 har det vore 35 plassar tilgjengelege innan barnehage og eldreomsorg. Av ulike årsaker kom berre sju av desse i bruk.



Kvalifiseringsprogrammet er godt innarbeidd. Det er oppretta eit ungdomsteam, og fleire unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp vert her hjelte over i aktivitetsskapande verksemd og arbeid.

NAV Time tilsette ein ungdomslos våren 2015 for å hjelpa unge sosialhjelpsmottakarar ut i arbeid eller utdanning. Det gav godt resultat, men behovet var stort. Ressursar vart derfor omfordelte, slik at det frå hausten var to ungdomslosar. Resultata i 2015 var at ni kom i fast arbeid, to fekk læreplass, to starta på skule og tre flytta. I tillegg var fleire på veg inn i praksisplassar med oppstart i 2016.

Fritid og kultur

Fritid

Tiltaka ved Sivdammen velferdssenter, kulturtiltak for funksjonshemma innbyggjarar og fritidsklubbane i tettstadene har god breidde og jamt gode besøkstal.

Fleirkulturelle tenester

I 2015 vedtok kommunestyret å busetta ti ekstra flyktningar i tillegg til kvoten på 68 personar eksklusive familiesameinte i perioden 2013-2015. I år har me busett 27 personar i tillegg til ein familiesameint. Det er i perioden 2013-2015 samla sett busett 78 flyktningar av samla kvote på 78. I tillegg har det kome i alt 12 familiesameinte i treårs-perioden.

Kultur og bibliotek

Det regionale kulturhuset Storstova og Bryne Mølle hadde i 2015 eit samla besøk på om lag 68 500 personar for kino og kultur. Storstova hadde 52 894 besøkjande på kino i 2015. Dette er 8 665 fleire enn i 2014, ein auke på om lag 19 %, og historisk sett ny «årsrekord» for kinoen på Bryne. I tillegg har det vore eit aktivt år for kulturhusdelen, arrangement i eigen regi og auka utleige av huset til både private og lag og organisasjonar.

Time bibliotek viser auke i utlånet på 7,5 % for 2015 inkludert utlån av e-bok, og ein auke av aktive lånarar på nær 27 %. Besøkstalet viser nedgang, men måldata er usikre på grunn av ustabile dørteljarar. Eit variert tilbod av arrangement for alle aldersgrupper er godt etablert og trekker stort publikum. Nytt tilbod i 2015 var filmframsyning for vaksne. Biblioteket har i løpet av året etablert tettare samarbeid med skulane i eit prosjekt om info- og kildekritikk. Arbeidet strekkjer seg inn i 2016 med komande tildelte midlar frå fylkesbiblioteket. Delar av fotosamlinga vart ferdig digitalisert i 2015. Me treng tilskot av midlar for å kunne avslutta arbeidet med å gjera heile samlinga tilgjengeleg på nett. Det er jamn etterspørsel etter gamle foto frå publikum.


I 2015 investerte Time bibliotek og Garborgsenteret i oppgradering av innvendig, meir brukarvennleg skilting og felles programhefte. Garborgstova kafe vart opna att i september etter eitt års stenging. Biblioteket er nå godt etablert etter eigen visjon: «Ein oase for kunnskap og oppleving».

Eigedom


Eigedomsforvaltning har følgd opp og klargjort kommunale bygg til bruksformåla slik det går fram av investeringsdelen. I tillegg er omfattande planarbeid sett i gang for å følgja opp og ferdigstilla nye planlagde kommunale bygg i perioden 2016–2019 i tråd med godkjend økonomiplan for perioden.

Eininga har også i år prioritert arbeidet med meir effektiv energibruk i den samla kommunale bygningsmassen, jf. kap. 2.2 og 6.5. Arbeidet med kvalitetssikringsrutinar og system for innhenting av anbod for byggjeprojekt er i slutfasen, og skal vera komplett tidleg neste år. Det er fortsatt store utfordringar med vedlikehaldet av dei vel 200 kommunale utleigebustadene grunna meir krevjande og «røffare» leigetakarar.







Figuren viser ein betydeleg nedgang for Time. Dette heng saman med at me nå rapporterar meir rett, jamfør tabell 9.3.15 eigedomsforvaltning.



Samla driftskostnader per barn i kommunale barnehagar har auka frå 2014. Dette skuldast delvis at avskrivningar for Vestly idrettsbarnehage er med i 2015 for første gong.



Driftskostnadane inkludert avskrivingskostnadene per elev har gått ned med 300 kroner per elev frå 2014.



Samla driftskostnader i institusjon er gått ned med 7 200 kr. per brukar frå 2014.

4.4.4 Utfordringar framover

Utviklinga i arbeidsmarknaden framover med aukande arbeidsløyse vil m.a. gje oss auka utfordringar innan NAV Time, sosialtenester. Det vil verta iverksett ein grundig analyse for å leggja eit grunnlag for tiltak som skal redusera behovet for sosialhjelp.

Det er ei utfordring å bruka dei aktivitetsplassane for sosialhjelpmottakarar som er oppretta i kommunen. Det er også eit behov for meir varierte aktivitetsplassar, for eksempel knytt til vedlikehalds- og utarbeid.

Auka mottak av flyktningar med tillegg av asylmottak i regi av private som me ikkje har hatt i kommunen før, vil medføra auka innsats og ressursar for å kunna handterast på best mogleg vis.

Revidert kommunedelplan for Bryne skal godkjennast i 2016. I tillegg gjev godkjend planstrategi 2016–2019 nye planutfordringar framover med m.a. fleire større områdeplanar på Bryne. I løpet av 2016 må også arbeidet med revisjon av gjeldande arealdel til kommuneplanen starta opp.

Siste del av kloakkinga langs strekninga Line–Hognestad, inkludert ny gang- og sykkelveg, skal fullførast i 2016. I tillegg vil arbeidet med gjennomføring av prioriterte overvasstiltak i Rosselandsområdet på Bryne starta opp. Oppgradering av Bryne sentrum vil halda fram f.o.m Kaizersplassen, via Reevegen, langs Mølledammen og fram til Bryne torg.

I 2016 vert det i tråd med godkjend skulebruksplan sett i gang utviding av Bryne ungdomsskule og Frøyland skule med ferdigstilling i løpet av 2017. Nye omsorgsbustader på Kvernaland, «Foreldreinitiativet», vil og ha byggjearbeid i løpet av 2016 med ferdigstilling hausten 2017.

Innan kulturverksemda er det ønskeleg å få avklart korleis me skal løysa det framtidige kultur- og kinotilbodet etter fleire år med kapasitetsutfordringar i Storstova. Målsettingane for området i fleire overordna planar dei siste åra tilseier ei avklaring her innan rimeleg tid.

Planressursane må prioriterast ut i frå vedtatt planstrategi for 2016-2019.

4.5 Administrasjon

4.5.1 Økonomi

Administrasjon (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Budsjett m/endringar 2015	Budsjett u/endringar 2015	Rekneskap 2014	Avvik (B-R) 2015
Politiske organ	7 692	7 682	8 073	7 187	-10
Stabstenester	40 489	41 372	41 935	39 526	883
Jæren kemnerkontor	1 609	1 934	1 931	1 789	325
Kyrkja	7 832	7 723	7 823	7 400	-109
Diverse fellesutgifter	2 209	2 668	2 699	2 041	459
Næring	2 251	2 256	2 269	2 203	5
Sum administrasjon	62 082	63 635	64 730	60 146	1 553

Administrasjonen har på lik linje med resten av organisasjonen kjørt ei stram økonomistyring i 2015. Mindreforbruket skuldast at avsette reserver er ikkje nytta fullt ut, me har overskot på refusjon sjukepengar og gebyrinntektene er høgare enn budsjettert.


4.5.2 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Administrasjon		
Utarbeida høringsuttale til forslaget om å gjera skatteoppkrevjarane statlege		
Leggja fram sak om eventuell etablering av eigen pensjonskasse		Meldt til politikarane at saka er utsett til avklaring om evt. kommunesamanslåing

4.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon

Administrasjonen har ytt spesialkompetanse til resten av organisasjonen innanfor jus, kommunikasjon, økonomi, rekneskap, arkiv, lønn, personalforvaltning, innkjøp og IKT.

Administrasjonen har også ytt tenester til innbyggjarar og næringsliv gjennom Servicetorget, Jæren kemnerkontor og næringssjefen, gjennomført kommuneval og planlagt for gjennomføring av folkerøysting våren 2016. Det er gjennomført folkevaldopplæring for kommunestyre, råd og utval etter valet.



I 2015 er det lagt stor vekt på økonomistyring. Økonomiavdelinga har brukt mykje ressursar for å læra opp og hjelpe tenesteleiarane med dette.

I personalavdelinga er det lagt til rette for å ta i bruk nye modular til lønns- og personalsystemet slik at desse kan iverksettast i 2016.

Kommunikasjonsavdelinga har vore sentral i arbeidet med involvering, medverknad og grafisk produksjon i samband med kommunedelplanar, kommuneplan og andre større planar og strategiar. Avdelinga har også hatt eit hovudansvar for innbyggjarinvolvering, publisering og kommunikasjon i forbindelse med kommunereforma.

Jæren kemnerkontor driv skatteinnkreving og arbeidsgjevarkontroll i kommunane Klepp, Hå, Gjesdal og Time. Kontoret får kvart år resultatkrav frå Skatt Vest når det gjeld skatteinnkreving og arbeidsgjevarkontroll. Kontoret har trass i mykje uro om organiseringa, hatt eit godt driftsår og innfridde resultatkrava. Det vart gjennomført 118 arbeidsgjevarkontrollar, noko som er eit viktig bidrag for å redusera bruken av svart arbeid.

Samla sjukefråvær var i 2015 på 3 %.

4.5.4 Utfordringar framover

Me må sikra god digital kompetanse i organisasjonen.

I 2016 må datasystem i personaladministrasjon takast i bruk for å frigjera tid til andre oppgåver.



5 Kommunen som arbeidsgjevar

5.1 Rapportering i forhold til tiltak 2015

Tiltak	Merknader	
Kommunen som arbeidsgjevar		
Sjukefråværet skal ned i 5,7 %, som er det nasjonale målet i IA-avtalen		Time kommune hadde 7,5 % i frávær.
Tenesteeiningar med sjukefråvær over 8 % skal utarbeida egne mål, analysa årsaker til frávær og finna gode metodar for å redusera fráværet		
Organisasjonskulturen skal evaluerast		Arbeidet vert ikkje prioritert.
Tenestekområda skal levera bidrag til ein felles kompetanseplan		
Tenestekområda skal implementera rekrutteringsplanen og tilpassa tiltak til kvart tenestekområde		
Fleire rutinebeskrivingar skal leggjast inn i kvalitetssystemet QM+		


5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret


Tilsette i kommunen

Ved utgangen av året hadde Time 1148 årsverk fordelt på 1250 fast tilsette. Dette er ein auke i årsverk på 1,7 %. Av årsverka er det 16,6 % som er menn.

	2012	2013	2014	2015
Oppvekst	503	526	543	551
Omsorg	311	334	346	349
Samfunn	167	174	178	185
Stabar	52	60	61	63
Årsverk i alt	1034	1094	1129	1148

	2015
Oppvekst	578
Omsorg	409
Samfunn	198
Stabar	65
Tilsette i alt	1250





Om lag 50 % av dei tilsette har 100 % stilling. Tidlegare undersøkingar viser at 100 % stilling ikkje nødvendigvis er arbeidstakaren sitt ønske, noko som er med å forklara den store delen deltidsstillingar. Kommunen jobbar med å auka delen med heiltid. Nå har nær 70 % av kvinnene i kommunen 75 % eller høgare stilling. Det er i stillingar med turnus at den ufrivillige delen av deltid er størst.

Rekruttering

Me har hatt spesielt fokus på fagleg utvikling som skal bidra til eit godt omdømme. Jærskulen og det nasjonale ernæringsprosjektet som Omsorg deltek i er to gode eksempel. Me merkar nå betre tilgang på søkjarar til lærarstillingane. Likevel er det fremdeles vanskeleg å få tak i sjukepleiarar og vernepleiarar. Me forventar at den økonomiske situasjonen i Noreg og spesielt i Rogaland vil bidra til lågare turnover, at me får fleire søkjarar til ledige stillingar og at ungdommen vel yrke som det offentlege treng.

Me har utarbeidd verktøy for å hjelpa leiarane å kvalitetssikra rekrutteringsprosessane. I tillegg har Organisasjonsavdelinga tatt meir del i rekruttering av leiarar.

For å styrka rekrutteringsarbeidet og samarbeidet på Jæren, er Time kommune partner i «Link Jæren». Det er eit rekrutteringsnettverk som består av Klepp, Time, Hå, NAV-kontora på Jæren og fleire store private verksemdar.

	2013	2014	2015
Fast tilsette som har slutta, i årsverk	68,6	58,3	46,3
Fast tilsette som har slutta i prosent	6,3 %	5,2 %	4,0 %

Siste året har talet på fast tilsette som har slutta vorte redusert, noko som sannsynlegvis heng saman med usikkerheiten i arbeidsmarknaden.

Kompetansebygging

Tenestoområda har ansvaret for kompetansebygging av dei tilsette når det gjeld dei behova brukarane har til tenestelevering. Kommunen får nye brukarar med ulike behov og det er vårt ansvar å sjå til at kompetansen står i forhold til kva me skal levera av tenester. Endringar skjer raskt og det skjer stor grad av digitalisering av fleire tenester.

I Time kommune tek me inn 9 nye lærlingar kvart år. Det vart politisk vedtatt i 2015 at me frå 2016 skal auka med 5 nye lærlingar kvart år. Lærlingløpet er på 2 år. Faga me har lærlingar i er barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar.

	2012	2013	2014	2015
Lærlingar	20	23	20	23

Tilsette som tek vidareutdanning har samla fått utbetalte stipend i 2015 på 732 000 kroner. Samanlikna med 2014 er det ei auke.

Kvalitet og internkontroll

Kvalitetsutvalet har hatt 4 møte i 2015. Utvalet har det overordna ansvaret for at kvalitetsforbetring og internkontroll er ein viktig del av arbeidet som vert gjort i kommunen.

For 2015-2016 har utvalet identifisert 4 forbettringsområde som me nå arbeider med:

- Internkontroll av rutinar rundt bygg og anlegg (oppfølging av forvaltningsrevisjon)
- Evaluering av kommunen sin bruk av tenestestandardar og «Time-avtalar»
- Betre systematikk rundt arbeid med og oppfølging av brukarundersøkingar
- Retningslinjer for innkjøp og lojalitet til rammeavtalar

I 2015 har arbeidet med kvalitet og internkontroll hatt sterkt fokus og me kan sjå at organisasjonen er i ferd med å få eit meir heilskapleg syn på internkontroll. Alle einingane har hatt som mål å gjennomføra risikovurderingar av kritiske område i tenesteytinga og dei fleste einingane er ferdige med dette arbeidet. I tillegg har me utarbeidd system for eigenrapportering om kvalitet på tenesteytinga og på område som økonomi, personalhandtering, forvaltning, arbeid med tilbakemeldingar frå brukarar og tilsyn, HMS osv.


Me kom i 2015 lengre i implementeringa av det elektroniske kvalitetssystemet. Nokre område har starta arbeidet med å få lagt inn rutinar og retningslinjer i kvalitetssystemet.

Omsorg har laga rutinar for internkontroll i saksbehandling og gjennomført ni internkontrollar i legemiddelhandtering.

Nye rutinar for gjennomføring av byggjeprojekt er utarbeidd. Det er gjennomført opplæring i bruk av rammeavtalar og talet på innkjøparar er redusert.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråvær gjekk opp i 2015 trass i at kommunen arbeider systematisk med å auka nærværet. Auknen relaterer seg til langvarige fråvær (> 17 dagar).





Kommunen har godt innarbeida rutinar for oppfølging av sjukemelde, og det gjev oss informasjon om årsakene. Verksemdar med fråvær over 8 % må rapportera til arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet. Ein stor del av sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert. Svangerskapsrelatert fråvær er fremdeles stort trass i tilbod om tilrettelegging av arbeidssituasjonen og tilbod om oppfølging av jordmor og bedriftshelsetenesta.

I 2015 har det vore leiaropplæring om sjukefråværsreglar og oppfølging av sjukemelde og det har vore tilbod om kurs om inkluderande arbeidsliv. Det er utarbeida temsider på intranett om oppfølging av sjukefråvær retta mot både tilsette og leiarar. Kommunen har i 2015 arbeidd tett med NAV Arbeidslivssenter. Det er mellom anna sett i gang eit «nærværsprosjekt», «Tett og tidleg», retta mot sjukeheimane.

Leining

Time kommune har tre leiarnivå. Det er rådmannen med leiargruppa, og øvrige leiarar er tenesteleiarar og verksemdleiarar.

Leiarar per 31.12	2012		2013		2014		2015	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	57 %	43 %	57 %	43 %	50 %	50 %	50 %	50 %
Øvrige leiarar	75 %	25 %	76 %	24 %	74 %	26 %	77 %	23 %
Totalt leiarar							59	20
Prosent leiarar/årsverk							6 %	10 %

I 2015 er Innovasjonsstrategien implementert. Me har arrangert innovasjonsprogram for leiarane i kommunen. Kvar leiar har utarbeidd eigen plan for korleis dei skal jobba med innovasjon i si eining. Alle leiarane, med berre få unntak, har levert eigen innovasjonsplan.

For å styrka leiarrolla og gjera leiarane trygge, er det utarbeida eit eige introduksjonsprogram for nye leiarar. Programmet har oppstart i 2016.

Det er i 2015 lagt spesielt vekt på økonomistyring og støttetjenestene har hatt fokus på å hjelpa leiarane med dette.

Lønn

Lønnspolitikk er vedtatt i administrasjonsutvalet. Lønnspolitikken skal reviderast i 2016. Partane i det lokale lønnsoppgjeret har prioritert grupper som er konkurranseutsett med tanke på rekruttering. Det har vore fagarbeidarar og høgskulegrupper som sjukepleiarar, vernepleiarar og lærarar. Me har også prioritert tilsette i barnevernet. Time kommune har som mål å vera konkurransedyktige på lønn, men ikkje lønnsleiande.

Årslønn (lønnstabell) 10 års ansiennitet			
	2013	2014	2015
Ufaglært	331 400	339 900	340 400
Faglært	361 900	375 100	381 900
Høgskule/universitet	405 100	419 500	426 400



Seniorpolitikk og pensjon

I 2015 var det 50 personar som inngjekk senioravtale. Seniorar som har valt å gå av med alderspensjon, kan ha moglegheit til å arbeida i tillegg til pensjonsuttak. Kor mange seniorar som nyttar denne ordninga går fram av pensjonistvilkår i tabellen under.

Kommunen har eit uttak av AFP som er på omlag halvparten av ein gjennomsnittskommune målt i relativ kostnad.

Seniorar per 31.12.15	Tilsette aktive	Senior-avtale	AFP*	Uttak alderspensjon 2015	Pensjonist-vilkår
62-64 år	60	40	16	3	1
65-66 år	14	10	24	5	3
67 år og over	4			13	7
Sum	78	50	40	21	11

*Inkluderer heil/delvis AFP

Pensjon	2013	2014	2015
Innmelde medlemmar	1631	1715	1738
Personar med heil/delvis AFP	34	33	40
Personar med heil/delvis uførepensjon*	173	166	167
Gjennomsnittleg uføredel, **		8,73%	9,20%
Årsverk i alt	1034	1094	1129

*Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon

**Berekna ut i frå sum innmelde medlemmar og personar med heil/delvis uførepensjon

Time kommune har låg uføredel samanlikna med fellesordninga i KLP der uføredelen er på 12,1 %

Medarbeidarkartlegging

Time kommune gjennomfører medarbeidarundersøking anna kvart år. Svarprosenten i 2015 var på 66 %. Me tok i bruk KS si 10 faktor medarbeidarundersøking. Undersøkinga målar i hovudsak medarbeidaren sine oppfatningar og haldningar knytt til arbeidsplassen sin.

Faktor*	Time 2015	Landet 2015	Oppvekst	Omsorg	Samfunn	Admin.
Faktor 1 Oppgavemotivasjon	4,3	4,3	4,4	4,2	4,1	4,2
Faktor 2 Mestringstro	4,3	4,3	4,3	4,2	4,2	4,3
Faktor 3 Selvstendighet	4,2	4,2	4,3	4,0	4,3	4,4
Faktor 4 Bruk av kompetanse	4,2	4,2	4,3	4,1	4,2	4,3
Faktor 5 Mestringsorientert ledelse	3,9	3,9	4,1	3,6	3,7	4,1
Faktor 6 Rolleklarhet	4,2	4,3	4,3	4,1	4,1	4,2
Faktor 7 Relevant kompetanseutvikling	3,7	3,7	3,7	3,6	3,8	3,7
Faktor 8 Fleksibilitetsvilje	4,4	4,4	4,4	4,5	4,1	4,7
Faktor 9 Mestringsklima	4,1	4,1	4,3	3,8	3,9	4,1
Faktor 10 Nyttorientert motivasjon	4,6	4,7	4,7	4,7	4,4	4,5

*Skala frå 1 til 5, der fem er best.

Resultatet av undersøkinga er totalt sett tilfredsstillande. Me oppnår eit resultat som stort sett ligg likt med landsgjennomsnittet. Høgast skåre får me på nytteorientert motivasjon, fleksibilitet og motivasjon. Det tydar på at dei tilsette er fleksible, har god motivasjon for arbeidsoppgåvene sine, og at dei har ein motivasjon for å gjera noko verdifullt og nyttig for andre. Basert på resultatet skal me arbeida meir med mestringsorientert leiing og mestringsklima. Tiltak og vidare oppfølging er sett i gang. Sidan 10. faktor er ny kan me ikkje samanlikna resultat med tidligare år.

5.3 Utfordringar framover

Me vil jobba for å finna gode arbeidstidsordningar som skal hjelpa til å auka delen med heiltidsstillingar.

Me vil fortsetja det systematiske arbeidet for å få redusert sjukefråværet i organisasjonen.

Omstilling og endring vil vera den største utfordringa i åra framover. Digitalisering vil vera eit sentralt satsingsområde framover. Brukarane vert fleire og krava til brukarane vil verta andre enn i dag.

Evne til omstilling og god kompetanse vert avgjerande for god tenestelevering.



6 Investeringar

I tabellen nedanfor viser me korleis investeringane til kommunen er finansiert dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av dokumentet «Rekneskap 2015». Alle notereferansar viser til rekneskapsdokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år jf. tabellane.

(i 1000 kr)	Rekneskap				Budsjett
	2012	2013	2014	2015	2015
Investeringar i nybygg og nyanlegg	133 082	203 415	331 067	228 531	190 980
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter *	26,5 %	10,5 %	28,7 %	40,9 %	24,3 %
Eigenkapital	57,1 %	61,8 %	15,3 %	11,6 %	20,2 %
Låneopptak	16,2 %	27,7 %	52,7 %	46,4 %	55,5 %
Ikkje finansiert			3,3 %	1,0 %	

*Momsrefusjon inkl. frå 2014

I 2015 er 46,4 % av investeringane lånefinansiert. Me har tatt opp 106 mill. kroner i nye lån til investeringsformål. Samtidig har me nedbetalt 9 mill. kroner som gjeld låneopptak til næring- og bustadområde som nå er selde ut.

Investeringsinntektene gjeld refusjonar for bustadutbygging, tilskot til Midgardsormen og momskompensasjon.

Eigenfinansieringa for 2013 er mellom anna sal av Osheia bufellesskap og sal av bustad- og næringstomter, overføring frå driftsrekneskapen og mottekne avdrag frå Lyse.

(i 1000 kr)	Rekneskap				Budsjett
	2012	2013	2014	2015	2015
Investeringar i nybygg og nyanlegg	133 082	203 415	331 067	228 531	190 980
Finansiert slik:					
Tilskot/refusjonar	35 323	21 351	38 300	66 236	21 745
Netto startlån	217	60	-12	2	0
Momskompensasjon			56 782	27 347	24 575
Eigenkapital	75 974	125 639	50 808	26 579	38 643
Bruk av lån	21 568	56 365	174 390	106 017	106 017
Sum finansiering	133 082	203 415	320 268	226 181	190 980
Avvik investering/finansiering	0	0	-10 799	-2 350	0
Bruk av eigenkapital:					
- overført frå drift	21 324	32 994	4 524	10 277	10 314
- netto bruk av tidlegare avsettingar	15 269	-2 412	886	-19 731	-8 916
- mottatte avdrag	5 951	5 832	5 832	5 832	5 830
- årets salsinntekter	35 142	90 180	53 475	36 064	40 440
- avdrag	-1 500	-700		-9 002	-11 825
- andelar og utlån	-212	-255	-13 909	3 139	2 800
Sum	75 974	125 639	50 808	26 579	38 643

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Kommunestyret behandla i desember 2015 ei sak om justeringar av investeringsløyvingane. Investeringsane går over fleire år og investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me justerte i desember er det vorte avvik mellom budsjett og rekneskap. Rekneskapen for 2014 vart gjort opp med eit udekket meirforbruk på 10,8 mill. kroner. Desse er dekket inn i 2015, men det har oppstått eit nytt udekket meirforbruk i investering på 2,4 mill. kroner. Dette vert dekket i 2016.

Kommunen hadde i 2015 budsjettert ei inntekt på 6,7 mill. kroner på omsorgsbustadane på Kvernaland. Inntektene var budsjettert ut frå at 8 bustadar skulle takast i bruk. Kommunen har ennå ikkje mottatt nokon avklaring på om kommunen får tilskot for alle 24 bustadane eller om me ikkje får noko. Det er derfor i rekneskapen ikkje inntektsført statstilskot til desse omsorgsbustadane. Samla budsjettert tilskot for alle 24 bustadane er på over 20 mill. kroner.

Note 16 i rekneskapsdokumentet gjev ein oversikt over store investeringsprosjekt i 2015 med årets forbruk, samla forbruk og prosjektløyving.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ei best mogleg oversikt viser me i tabellane tre kollar. Første viser rekneskapsført i 2015, neste viser rekneskapsført til og med 2015 og kolonne 3 viser prosjektløyving. Når prosjekta er fullførte vil det koma fram positive eller negative avvik frå budsjettet.

Me har valt å kommentera eit utval av prosjekta. Detaljert rekneskap for alle prosjekta går fram av dokumentet «Rekneskap 2015».

6.1 Administrasjon

Administrasjon (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 1101 IKT investeringar - felles			
Utgifter	2 531	2 531	2 500
Inntekter	0	0	0
Sum	2 531	2 531	2 500
Prosjekt: 1103 IKT investeringar - skular			
Utgifter	1 771	1 771	1 500
Inntekter	0	0	0
Sum	1 771	1 771	1 500
Prosjekt: 1213 Oppgradering av ventilasjonsanlegg			
Utgifter	1 361	7 605	10 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 361	7 605	10 000
Prosjekt: 1214 Revisjon av elektriske anlegg			
Utgifter	635	1 766	2 000
Inntekter	0	0	0
Sum	635	1 766	2 000
Prosjekt: 1216 Bioenergi Rådhusområde			
Utgifter	1 136	1 252	5 620
Inntekter	0	0	-3 230
Sum	1 136	1 252	2 390
Prosjekt: 4512 Bryne kyrkje - glasskunst			
Utgifter	750	1 250	1 250
Inntekter	0	0	0
Sum	750	1 250	1 250

Prosjekt: 1101 IKT investeringar – felles

2,5 mill. kroner er brukt til oppgradering av infrastrukturen vår og oppdatering av ein del interne datasystem. Av dette er 300 000 kroner brukt til kjøp av nye ipader til dei folkevalde etter valet og 150 000 kroner til nytt administrativt program for flyktingetenesta. Særleg omlegging av serverar og backup har vore store investeringar. Til legging av fiber til Hognestad skule gjekk det med om lag 1 mill. kroner.

Prosjekt: 1103 IKT investeringar – skular

Om lag 1,8 mill. kroner er brukt til nettverksoppgraderingar og utbetring av dei trådlause nettverka. Fleire skular har fått oppgradert dei gamle systema sine, og det er brukt ein del på å oppgradera sentrale driftsanlegg til barnehagar og skular. Det er også innført nytt administrasjonssystem på skulane (Visma Flyt) og på Bryne kompetansesenter (Visma Vaksenopplæring).

Prosjekt: 1213 Oppgradering av ventilasjonsanlegg

Fram til og med 2017 er det sett av i alt 10 mill. kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2015 er det nytta i alt 7,6 mill. kroner.

Prosjekt: 1214 Revisjon av elektriske anlegg

Det er utført pålagt oppgradering av elektriske anlegg for om lag 1,8 mill. kroner i den samla kommunale bygningsmassen ved utgangen av 2015.

Prosjekt: 4512 Bryne kyrkje - glaskunst

Time kyrkjelege fellesråd har brukt løyvd tilskot for å få på plass glaskunst i Bryne kyrkje.

6.2 Oppvekst

Oppvekst (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst			
Utgifter	1 201	1 201	1 500
Inntekter	0	0	0
Sum	1 201	1 201	1 500
Prosjekt: 2229 Kjøp av vidaregåande skular			
Utgifter	25 307	25 307	60 000
Inntekter	0	0	0
Sum	25 307	25 307	60 000
Prosjekt: 2236 Avfallskonteinarar			
Utgifter	814	1 044	3 000
Inntekter	0	0	0
Sum	814	1 044	3 000
Prosjekt: 2237 Rehabilitering gamle Bryne vgs			
Utgifter	7 747	8 744	7 000
Inntekter	0	0	0
Sum	7 747	8 744	7 000
Prosjekt: 2241 Bryne ungdomsskule - påbygg			
Utgifter	5 952	5 952	68 200
Inntekter	0	0	0
Sum	5 952	5 952	68 200
Prosjekt: 2316 Ådalen barnehage - oppgradering			
Utgifter	184	2 439	1 500
Inntekter	0	0	0
Sum	184	2 439	1 500

Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar prioritert av utval for Lokal Utvikling.

Prosjekt: 2229 Kjøp av vidaregåande skular

Etter avtale med Rogaland fylkeskommune har me betalt for kjøpet av tidlegare Bryne vidaregåande skule. Avtalt kjøp av Time vidaregåande skule er utsett til hausten 2017.

Prosjekt: 2236 Avfallskonteinarar

Det er etablert nedgravne avfallskonteinarar ved Austbø barnehage, Nyland barnehage, Kvernaland barnehage og eit midlertidig avfallshus ved Maurtuå barnehage.

Prosjekt: 2237 Rehabilitering gamle Bryne vidaregåande skule

Lokala er oppgraderte for bruk til m.a. Bryne kompetansesenter, PPT og Bryne ungdomsskule frå hausten 2015.

Prosjekt: 2241 Bryne ungdomsskule - påbygg

Bryne ungdomsskule skal utvidast frå 270 til 450 elevar. Framhaldsskulebygget er rive og innhenta tilbod på prosjektet er godkjent av kommunestyret med ein kostnad på 68,2 mill. kroner. Tilbodet var 6,8 mill. kroner lågare enn løyvinga i godkjent økonomiplan 2016–2019.

Prosjekt: 2316 Ådalen barnehage - oppgradering

Nødvendig rehabiliteringsarbeid i barnehagen vart gjennomført i 2014. Meirutgiftene på om lag 950 000 kroner skuldast høgare kostnader med sprinklaranlegg enn kalkulert. I tillegg måtte det leggjast inn ny hovudvassleidning frå vegen som ikkje var kalkulert inn i prosjektet.



6.3 Omsorg

Omsorg (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 3203 Mindre ombyggingar - omsorgsbustader			
Utgifter	1 079	1 079	1 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 079	1 079	1 000
Prosjekt: 3213 Kjøp kommunale bustadar			
Utgifter	8 995	8 995	8 500
Inntekter	-2 516	-2 516	-2 400
Sum	6 479	6 479	6 100
Prosjekt: 3228 Sal av Osheia			
Utgifter	9	9	0
Inntekter	-13 681	-13 681	-12 500
Sum	-13 672	-13 672	-12 500
Prosjekt: 3232 Kommunale utleigebustadar			
Utgifter	1 085	1 085	1 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 085	1 085	1 000
Prosjekt: 3234 Sivdamheimen - sansehage			
Utgifter	1 802	1 802	1 900
Inntekter	0	0	-943
Sum	1 802	1 802	957
Prosjekt: 3236 Vardheia omsorgsbustadar - ombygging			
Utgifter	1 031	1 031	2 500
Inntekter	0	0	0
Sum	1 031	1 031	2 500
Prosjekt: 3238 Sivdammen velferdsenter - stolar			
Utgifter	419	419	300
Inntekter	0	0	0
Sum	419	419	300
Prosjekt: 3259 Omsorgsbustadar Svertingstad			
Utgifter	634	27 601	29 300
Inntekter	0	-6 173	-7 560
Sum	634	21 428	21 740
Prosjekt: 3260 Omsorgssenter Kvernaland			
Utgifter	23 941	145 441	148 600
Inntekter	-634	-8 704	-28 700
Sum	23 307	136 737	119 900

Prosjekt: 3202 Mindre ombyggingar – omsorgsbustadar

Mindre oppgraderingstiltak i og av bygg knytt til omsorgstenestene prioritert av utval for Lokal Utvikling.

Prosjekt: 3213 Kjøp kommunale bustadar

Det er kjøpt tre leilegheiter i 2015. Inntektene på 2,5 mill. kroner er tilskot frå Husbanken til gjennomførte kjøp.

Prosjekt: 3228 Sal av Osheia

Sal av leilegheitene i Osheia var ein del av prosjektet Kvernaland omsorgssenter. Leilegheitene er selde i 2015 for vel 1 mill. kroner meir enn me kalkulerte med i økonomiplanen for perioden 2015–2018.

Prosjekt: 3232 Kommunale utleigebustadar

Det er brukt vel 1 mill. kroner til større rehabiliteringstiltak i kommunale utleigebustadar.

Prosjekt: 3234 Sivdamheimen - sansehage

Arbeidet med å få slutført planlagt sansehage ved Sivdamheimen er i hovudsak ferdigstilt. Nokre mindre tiltak gjenstår og vil verta utførte våren 2016. Me har fått tilsegn om vel 200 000 kroner i ekstra tilskot frå Husbanken til prosjektet. I økonomiplanen for perioden 2015–2018 var det lagt inn 700 000 kroner i tilskot.

Prosjekt: 3236 Vardheia omsorgsbustadar – ombygging

Planlagt ombygging av etablerte omsorgsbustadar i Vardheia for å betra tilrettelegging for enkelte bebuarar med store hjelpebehov er godt i gang.

Prosjekt: 3238 Sivdammen velferdssenter – stolar

Det er skifta ut stolar i velferdssenteret i år.

Prosjekt: 3259 Omsorgsbustadar Svertingstad

Ni nye omsorgsbustadar med personalbase på Re/Svertingstad vart tekne i bruk i 2014. Investeringsstilskotet frå Husbanken vart noko mindre enn budsjettert. Likevel ser det nå ut for at nettokostnadane for prosjektet vil verta noko mindre enn budsjettert. Byggjerekneskap vil verta lagt fram i 2016.

Prosjekt: 3260 Omsorgssenter Kvernaland

Ny avlastnings- og heildøgns omsorgsbustad for funksjonshemma barn og unge vart tatt i bruk i 2014. Første byggjetrinn av omsorgssenteret med m.a. 24 heildøgns plassar, lokale til dagsenter og helsestasjon vart tatt i bruk første halvår i år. Endeleg rekneskap vil vera avhengig av kva avgjerd Husbanken tek med omsyn til investeringstilskotet. Får me utbetalt venta og budsjettert investeringstilskot vil prosjektet ha mindreutgifter på om lag 3 mill. kroner.



6.4 Samfunn

Samfunn - utbygging (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5200 Anna tomtosal			
Utgifter	178	178	0
Inntekter	-4 239	-4 239	-4 000
Sum	-4 061	-4 061	-4 000
Prosjekt: 5209 Lyefjell BL3			
Utgifter	11 313	34 664	45 700
Inntekter	-18 077	-73 422	-83 000
Sum	-6 764	-38 758	-37 300
Prosjekt: 5303 Svertingstadeigedommen			
Utgifter	6 710	86 341	81 600
Inntekter	-21 247	-80 737	-91 500
Sum	-14 537	5 604	-9 900

Prosjekt: 5200 Anna tomtosal

Prosjektet gjeld salsinntekter for parkeringsanlegget i «Meto» i Parkvegen på Bryne.

Prosjekt: 5209 Lyefjell BL3

Bustadfeltet er under opparbeiding i eit samarbeid mellom kommunen og utbyggingsselskapet som kjøpte store delar av feltet etter anbodskonkurranse. Det er inngått opparbeidingsavtale mellom partane som for utvikling og opparbeiding av nabofeltet BL2. Rekneskapsførte utgifter og inntekter så langt følgjer salsavtalen for sal av feltet og opparbeidingsavtale med m.a. anleggstilskot.

Prosjekt: 5303 Svertingstadeigedommen

Opparbeidinga av nytt næringsområde og eit større friområde på Re/Svertingstad er ferdigstilt. Det står igjen ei kommunal næringstomt på om lag 5 dekar som ikkje er selt. Det er også inngått avtale om eit betydeleg tilskot frå utbyggjar av bustadområda på Re/Svertingstad, sidan kommunen nå har opparbeidd friområdet og løyser overvasshandteringa også for bustadområda. Det er søkt om spelemidlar på 1,5 mill. kroner til kunstgrasløkke, ballbinge, klatrestativ, skatepark og lysløype.

Samfunn - kulturprosjekt (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 4210 Rosselandsbanen - garderober			
Utgifter	2 560	7 139	6 800
Inntekter	-1 988	-1 988	-4 250
Sum	572	5 151	2 550
Prosjekt: 4214 Midgardsormen			
Utgifter	12 583	17 041	2 250
Inntekter	-13 003	-16 153	0
Sum	-420	888	2 250
Prosjekt: 4311 Garborgheimen, Træe og Fotland mølle			
Utgifter	711	711	2 500
Inntekter	0	0	0
Sum	711	711	2 500
Prosjekt: 4454 Storstova			
Utgifter	1 153	1 153	1 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 153	1 153	1 000
Prosjekt: 4459 Møllekjellaren			
Utgifter	15 805	21 292	23 700
Inntekter	-1 000	-1 000	-3 500
Sum	14 805	20 292	20 200



Prosjekt: 4210 Rosselandsbanen - garderober

Nytt garderobeanlegg med klubbhus ved Rosselandsbanen er ferdigstilt 1. halvår i år. Berre kontanttilskot frå Rosseland ballklubb er rekneskapsført som inntekt ved utgangen av året.

Prosjekt: 4214 Midgardsormen

Prosjektet gjeld bygging av Midgardsormen over Frøylandsvatnet, som er eit samarbeid mellom Brynes Vel, Klepp kommune og Time kommune. Samla kostnad er kalkulert til 16,6 mill. kroner, der berre Time sin del på 2,25 mill. kroner er budsjettert. Rekneskapsførte inntekter på 16,1 mill. kroner er tilskota frå Brynes Vel og Klepp kommune. Prosjektet er venta ferdigstilt våren 2016.

Prosjekt: 4311 Garborgheimen, Træe og Fotland mølle

I perioden 2015-2017 er det sett av 2,5 mill. kroner til brannsprinkleranlegg i alle bygga, og til rehabilitering av taka på Garborgheimen og Knudaheio. Arbeidet er starta opp i år i regi av Jærmuseet.

Prosjekt: 4454 Storstova

Det er i år brukt om lag 1,1 mill. kroner til surround høgtalarar for kinobruk, lyddemping av salen og radlys på stolane.

Prosjekt: 4459 Møllekjellaren

Prosjektet er venta ferdigstilt rett over årsskiftet 2015/2016. Justert løyving til prosjektet i samband med økonomiplanen for perioden 2016–2019 grunna uforutsette kostnader ser nå ut til halda.



Samfunn - VAR (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5519 Holåvegen			
Utgifter	2 510	2 510	2 750
Inntekter	-1 138	-1 138	0
Sum	1 372	1 372	2 750
Prosjekt: 5520 Line-Hognestad - vass- og avløpsanlegg			
Utgifter	9 701	12 354	31 500
Inntekter	-1 668	-1 668	-6 050
Sum	8 033	10 686	25 450
Prosjekt: 5527 Tilkopling til IVAR-nettet Undheim			
Utgifter	6 200	6 200	6 200
Inntekter	-1 200	-1 200	-1 200
Sum	5 000	5 000	5 000

Prosjekt: 5519 Holåvegen

I 2015 er det brukt om lag 2,5 mill. kroner brutto til oppgradering av Holåvegen. I samband med bygging av nytt høgdebasseng har IVAR IKS gjeve eit tilskot til arbeidet på vel 1 mill. kroner.

Prosjekt: 5520 Line-Hognestad – vass- og avløpsanlegg

Første del av vass- og avløpsanlegget er ferdigstilt i år. Andre del av anlegget vil starta i løpet av vinteren/våren 2016 med ferdigstilling i løpet av 2016.

Prosjekt: 5527 Tilkopling til IVAR-nettet Undheim

Prosjektet gjeld betaling av kommunen sin avtalte del av kostnadene IVAR IKS hadde med arbeidet for å få Undheim tilkopla vassforsyninga til IVAR IKS, og avviklinga av Fårevatnet som hovudvasskjelde for Undheim. Avtalen er frå 2008. Beløpet var ikkje budsjettert i 2015-budsjettet. Det var budsjettert 2009/2010 og så fekk kommunen kravet i desember 2015.

Samfunn - vegar (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5600 Bilar/maskinar - kjøp			
Utgifter	1 845	1 845	2 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 845	1 845	2 000
Prosjekt: 5605 Sentrumstiltak			
Utgifter	831	831	800
Inntekter	0	0	0
Sum	831	831	800
Prosjekt: 5610 Gang-/sykkelveg - div. prosjekt			
Utgifter	891	891	600
Inntekter	-490	-490	-300
Sum	401	401	300
Prosjekt: 5646 Line-Hognestad - Gang-/sykkelveg			
Utgifter	305	835	16 950
Inntekter	-5 000	-5 000	-5 000
Sum	-4 695	-4 165	11 950
Prosjekt: 5647 Demning Stemmen			
Utgifter	12 792	14 033	13 700
Inntekter	0	-525	0
Sum	12 792	13 508	13 700
Prosjekt: 5654 Bibliotek/Garborgsenter - parkering			
Utgifter	7 200	7 249	9 000
Inntekter	0	0	0
Sum	7 200	7 249	9 000
Prosjekt: 5657 Trafikksikring - Kong Haakons veg			
Utgifter	155	932	600
Inntekter	-200	-200	0
Sum	-45	732	600
Prosjekt: 5658 Hetlandsgata - oppgradering			
Utgifter	1 371	10 909	11 000
Inntekter	-1 225	-2 434	-6 350
Sum	146	8 475	4 650
Prosjekt: 5660 Bryne Mølle - utomhusanlegg			
Utgifter	8 452	10 813	14 100
Inntekter	-1 000	-1 000	-1 000
Sum	7 452	9 813	13 100



Prosjekt: 5600 Bilar/Maskinar - kjøp

Det er brukt 1,8 mill. kroner til utskifting av bilar og maskinar innan eigedomsforvaltning og kommunaltekniske tenester i år.esaetee

Prosjekt: 5605 Sentrumstiltak

Sentrumstiltak gjennomført etter prioritering i utval for Lokal Utvikling.

Prosjekt: 5610 Gang/sykkelveg - div. prosjekt

Det er brukt om lag 900 000 kroner til ulike trafikksikringstiltak i år. Inntektene er tilskot frå Rogaland fylkeskommune sine trafikksikringsmidlar.

Prosjekt: 5646 Line-Hognestad – gang-/sykkelveg

Aktuell gang- og sykkelveg inngår i og er samordna med prosjekt 5520 «Line-Hognestad – vass- og avløpsanlegg». Anleggsarbeidet vil starta i løpet av vinteren/våren 2016 med ferdigstilling i 2016. Inntektene på 5 mill. kroner er utbetalt tilskot frå Rogaland fylkeskommune sine trafikksikringsmidlar.

Prosjekt: 5647 Demning Stemmen

Valt flaumsikringstiltak av Stemmen på Kvernaland, godkjent av NVE, er ferdigstilt i år. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2016.

Prosjekt: 5654 Bibliotek/Garborgsenter - parkering

Prosjektet gjeld utbetaling av avtalefesta beløp for kjøp av parkeringsplassar knytt til Time biblioteket og Garborgsenteret i ny parkeringshall knytt til høguset i Hetlandsgata.

Prosjekt: 5657 Trafikksikring - Kong Haakons veg

Alle dei etablerte fartshumpane i Kong Haakons veg på Bryne, som i fleire år har vore til stor irritasjon for trafikantane, er nå skifta ut med nye.

Prosjekt: 5658 Hetlandsgata – oppgradering

Siste del av oppgraderingsarbeidet i Hetlandsgata vart utført før nye Bryne vidaregåande skule vart offisielt opna. Rekneskapen viser at den økonomiske ramma er følgt. Budsjetterte inntekter gjeld nokre år fram i tid, og er relaterte til tilskot for oppgradert VA-anlegg og gate i samband med utbyggingsavtalar med private utbyggjarar.

Prosjekt: 5659 Maskinhus Håland

Prosjektet gjeld ferdigstilling av maskinhus for kommunaltekniske tenester på Håland.

Prosjekt: 5660 Bryne Mølle - utomhusanlegg

Opparbeidinga av utomhusområdet kring Bryne Mølle og på strekninga mølla til fv. 44 på begge sider av aa, er ferdigstilt i år. Prosjektet vil få mindreutgifter i forhold til avsett løyving.



Samfunn - diverse prosjekt (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5904 Turstiar og friluftsliv			
Utgifter	457	457	550
Inntekter	0	0	-200
Sum	457	457	350
Prosjekt: 5915 Nærmiljøanlegg			
Utgifter	326	326	650
Inntekter	-200	-200	-300
Sum	126	126	350
Prosjekt: 5927 Turveglys Frøylandsvatnet			
Utgifter	206	2 712	2 500
Inntekter	0	0	-700
Sum	206	2 712	1 800
Prosjekt: 5928 Naudnett Brannvesen/legevakt			
Utgifter	113	365	550
Inntekter	0	0	0
Sum	113	365	550

Prosjekt: 5904 Turstiar og friluftsliv

Det er etablert badeplass ved Tjoatjødn, rehabilitert bru i Sælandsskogen, rehabilitert gjerde i Åsen og prosjektert fugletårn ved Frøylandsvatnet i år.

Prosjekt: 5915 Nærmiljøanlegg

Rekneskapsførte utgifter gjeld etablering av hoppbakken på Undheim og skifte av kunstgras i ballbingen ved Bryne ungdomsskule. Inntektene er mottatte spelemidlar for ferdigstilte nærmiljøanlegg.

Prosjekt: 5927 Turveglys Frøylandsvatnet

I samarbeid med Klepp kommune er nå lysa langs heile turvegen Sandtangen–Klepp stasjon på plass. Alle lysa i Sandtangen som vart felte av vinden for godt og vel eitt år sidan, er òg på plass. Det er søkt om spelemidlar til prosjektet på om lag 700 000 kroner.

Prosjekt: 5928 Naudnett Brannvesen/legevakt

Rekneskapsførte utgifter gjeld kommunen sin del av kostnadene til utstyr og arbeid for etablering av nytt naudnett for brannvesenet og legetenesta.

6.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – Oppfølging i 2015

Nr	Tiltak	Kostnad	Merknad	
1209	Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 % ved:			
1210	Ombygging i C-bygget med skifte av vindauger	42 mill. kroner		
	Omlegging til bioenergibasert varme	5 mill. kroner		Arbeidet pågår. Ferdigstilling til sommaren 2016.
	Ombygging i A-bygget med m.a. skifte av vindauge	17 mill. kroner		Planlagt i 2017- 2018
1213	Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg:	10 mill. kr over 4 år		
	Omsorgsbustadar Svertingstad			
	Kverneland omsorgssenter			
	Bryne skule			
	Frøyland skule			
	Lye skule			
	Rosseland skule			
	Rådhuset			
	Sivdamsentret			
	Sivdamheimen			
	Bryneheimen			
	Storstova			
	Bryne Mølle			
	Bryne kompetansesenter			
	Bryne ungdomsskule			
	Vestly Idrettsbarnehage			
	Kverneland barnehage			
	Ådalen barnehage			
	Austbø barnehage			Planlagt 2016-2017
	Tilsett climateknikar	0,7 mill. kr/ år		
1212	Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid	1 mill. kr		
	Etablere to P-plassar for elbil for publikum ved rådhuset			Ein av parkeringsplassane er etablert.
	ENØK-tiltak			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2
	Tiltak innanfor plan og forvaltning			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2

*SD-anlegg = Sentraldriftsovervakingsanlegg for m.a. ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

7 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

I økonomiplanen vert det bestemt kva brukarundersøkingar som skal gjennomførast. Desse gjev kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Resultat frå undersøkingane vert kort omtalt her. Gjennomsnittlege resultat er vist på ein skala der 6 er best og 1 er dårlegast.

	Snitt Time 2013	Snitt Time 2015	Snitt Norge 2015
Brukarundersøking	4,6	4,2	4,5

